

MERKNADSSKJEMA

KOMMENTARAR TIL INNSPEL - HØYRINGSFRIST 20.12.2019

Dato: Mai 2020

OFFENTLEGE INSTANSAR					
	Avsendar	Innspeil gjeld gnr./bnr. eller felt nr.	Merknad/oppsummering	Kommentar	Endring i kommuneplanen
1	Hordaland fylkeskommune	Diverse bustad B19, B26, B39, B40, B44 og B45 N14 N20	<p>Har vesentlege merknader vedkomande senterstruktur og kulturminneinteresser, og vurderer å tilrå motsegn. Inviterer til dialogmøte.</p> <p><u>Senterstruktur og samordna B ATP:</u> Generelt: Rår kommunen til å vere enda tydelegare i prioriteringa av senterområda og omsyn til B ATP inkl. trafikkikkerheit, avstand til kollektivtilbod og skule/bhg, ved utvikling av område (inkl. ny vurdering av dei politisk tilrådde områda). Elles:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ynskjer at retningsliner for senterstruktur vert erstatta av bindande føresegner • Revurdering av Palmafossen lokalsenter • Spesifisering av unntaksvare i føresegner <p><u>Kulturminneomsyn:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Motsegn. Betre dokumentasjon på verknader på kulturminne for N14 (ZIP line) og N20 • Motsegn. Omsynssone på alle freda kulturminne og alle mellomalderkyrkjestader + innarbeiding av merknader frå Riksantikvaren i føresegner • Tydelegare vern for kunstnarheimane/ kunsthåndverksskulen • Bør betra vern av listeførte kyrkjer i plan (60-m sikringssone, omsynssone med tilknytte retningsliner) • Bør sikre at areal som gjeld utfylling i sjø vert sendt til regionalt kulturminnemynde • Bør avgrense Vinje nærsenter i nordaust 	<p>Det er gjennomført dialogmøte med Vestland fylkeskommune.</p> <p>Det er arbeid vidare med senterstruktur og føresegner for funksjonar og handel til dei ulike lokal- og nærsentra.</p> <p>Temakart for senteromland for lokal- og nærsentra, er erstatta av retningsliner for ny bustadbygging knytt opp mot senterstrukturen. Det har vore noko dialog med Vestland fylkeskommune om forslaget som no ligg føre.</p> <p>Motsegns punkt vedkomande kulturminneomsyn er tatt til følgje i planforslaget som no vert lagt fram. Omsynssoner og føresegner er konkretisert i tråd med fylkeskommunen sine innspel.</p> <p>Når det gjeld N20-energianlegg på Kvåle, er det lagt inn krav om å utarbeide eit moglegheitsstudie i forkant av regulering. Kulturminneomsyn, trafikale tilhøve og dagens bruk som raste- og kvileplass skal tas omsyn til, saman med tilhøve til bruk av området til friluftsliv.</p> <p>B39, B40, B44 og B45 og N14 er ikkje vidareført i planforslaget. For områda B19 (Sivlevegen/Groavegen), B26 (Hangursvegen) er det konkretisert at det skal takast</p>	<p>Senterområda er lagt inn med sentrumsføremål/bygningar og anlegg. Senteromland for lokal- og nærsentra er ikkje vidareført. Føresegner og retningsliner er konkretisert i forhold til funksjonar/ tenestetilbod, type handel og bustadbygging knytt til områda.</p> <p>Plankartet er oppdatert med omsynssoner for kulturminne(OM730) og kulturmiljø(OM570), saman med tilhøyrande føresegner.</p> <p>B39, B40, B44 og B45 og N14 er ikkje vidareført.</p> <p>For B19, B26 og N20 er føresegnene konkretisert med tanke på kulturminneomsyn.</p>

			<ul style="list-style-type: none"> Ber heradet ta omsyn til dei særskilte merknadene i høve kulturminneinteresser for tiltaka B19, B26, B39, B40, B44 og B45 Atterhald om nye område fram til ei vurdering av §§ 3 og 9 i kulturminnelova er oppfylt 	<p>omsyn til kulturminneinteresser i samband med detaljregulering av nye bustadområde.</p> <p>Innspel frå Vestland fylkeskommune er elles tatt til følge.</p>	
2	NVE		<p>Meiner ein i for liten grad nyttar eksisterande kunnskap om flaum og skred. Ynskjer dialogmøte. Elles:</p> <ul style="list-style-type: none"> Manglande markering av vassdrags- og energianlegg i plankartet. KU og ROS-analyse for kortfatta <p><u>Skredfare:</u> Faresonekart for skred i bratt terreng frå 2018/2019 vert ikkje nytta som kunnskapsgrunnlag i plankart. Ein må sjå vekk frå aktsemdskarta og bruke faresonekarta, slik at ikkje friskmeldt areal vert markert med omsynssone.</p> <p><u>Flaumfare:</u> Kan markere alt areal under kote 53,2 rundt heile Vangsvatnet som omsynssone. Ynskjer omsynssone ved Bømoen, Oppheimsvatnet og evt. nedstrøms Voss.</p> <p><u>Vassdrag:</u> Må nytte arealbruksføremål på alle vassdrag som er synlege i grunnlagskartet. Bør utarbeide temakart for verna vassdrag også i Granvin for å sikre heilskapleg forvaltning.</p> <p><u>Vassdrags- og energianlegg:</u> Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast med omsynssone H740. Reguleringsmagasin bør markerast med omsynssone H740. Anlegg for produksjon bør setjast av som område for «Bebyggelse og anlegg».</p> <p><u>Nye tiltak:</u> KU og ROS-analyse for områda er for kortfatta/har for store manglar til at ein fullt ut kan ta stilling til dei nye tiltaka. Mellom anna manglar vurdering av inngrep i vassdrag og vurdering opp mot rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. ROS-analysen manglar flaumfare, og generell grunngeving for vurderingane. Signaliserer generell skepsis til å deponere massar i vassdraget.</p>	<p>Det har vore dialog med NVE fram mot ny utlegging av kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>Plankartet er oppdatert med faresonekart for skred. I tillegg er aktsemdsone for skredfare vidareført i dei områda som ikkje har utarbeidd faresonekart.</p> <p>Plankart er oppdatert med faresone flaum i tråd med innspel frå NVE.</p> <p>Dei største vatn og vassdraga er lagt inn i plankartet som føremål bruk og vern av sjø og vassdrag, dvs. dei har fått ein blå farge som gjer kartet meir lesbart.</p> <p>Vassdrags- og energianlegg og reguleringsmagasin er lagt inn i plankartet i tråd med innspel frå NVE. Produksjonsanlegg er lagt inn med føremål bygningar og anlegg så langt ein har hatt tilgang på informasjon.</p> <p>Det er tatt ein ny gjennomgang av overordna KU for nye tiltak, og så langt som mogleg supplert med kjend kunnskap om flaum og skred m.m.</p> <p>Revidert versjon av ROS-analysen er under arbeid og vil bli gjort tilgjengeleg i samband med ny offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel.</p>	<p>Faresone skred (OM310) i plankartet med tilhøyrande føresegnar er oppdatert.</p> <p>Faresone flaum (OM320) med tilhøyrande føresegnar er oppdatert.</p> <p>Arealføremål er endra for dei største vatn- og vassdraga.</p> <p>Vassdrags- og energianlegg og reguleringsmagasin er lagt inn i plankartet som omsynssone H740.</p> <p>Produksjonsanlegg er i noko grad lagt inn som føremål bygningar og anlegg.</p> <p>KU for delområde og ROS-analyse er revidert.</p>

3	Forsvarsbygg	B44 N10	<p>Melder motsegn til to område. Det gjeld endring av føremål <i>Forsvaret</i> til bustadformål på B44 Raaberget, og til fritids- og turistformål på N10 Brandseth. Prosessen med å vurdere Forsvarets vidare bruk av området Raaberget er ikkje slutført. Brandseth/Mjølfjell er del av Forsvarets skyte- og øvingsfelt.</p> <p>Peiker og på at føremålsavgrønsinga til Mjølfjell skyte- og øvingsfelt ikkje er korrekt i plankartet, og viser til pågåande reguleringsplanarbeid.</p>	Områda som Forsvarsbygg har varsla motsegn til er ikkje vidareført i planen, og innspel er derfor imøtekome.	B44 Raaberget og N10 Brandset er ikkje vidareført
4	Fylkesmannen i Vestland		<p>Førebels tilbakemelding. Tilbyr eit dialogmøte og visert til at Forsvarsbygg har varsla motsegn.</p> <p>Fylkesmannen vurderer også ut frå eige medverknadsansvar at planen, slik han no ligg føre, er i strid med statlege interesser og føresetnader for arealplanlegginga på ein måte som vil kunne utløyse motsegn.</p> <p>På grunn av plantekniske problemstillingar ønskjer dei eit innleiande arbeidsmøte før dialogmøtet.</p> <p>Det vart gjennomført dialogmøte 28.04.20. På bakgrunn av dialogmøtet vart Samordna fråsegn til offentleg ettersyn av arealdelen til kommuneplanen for Voss herad 2020-2032 oversendt frå Fylkesmannen i brev datert 15.05.20.</p> <p>I brevet viser dei til prosessen. Elles skriv dei at tema kring samfunnstryggleik, beredskap og ROS bør omhandla metodeval, relevante tema m.m. Dei viser også til temakart over utfyllingsområde i vassdrag, og gjev ikkje merknader då områda ikkje er konsekvensutgreidde og fremja som juridisk bindande.</p> <p>I konklusjonen viser Fylkesmannen til konstruktivt dialogmøte som resulterte i at alle dialogpunkta vart avklarte. Voss herad tok dialogpunkta til følgje ved å gjere endringar eller å ta ut områda, og for eit område, F15,</p>	<p>Det er gjennomført arbeidsmøte og dialogmøte med Fylkesmannen. Resultatet etter ein omfattande dialog er at mange av innspela til kommuneplanen er tatt ut av planforslaget, både tilrådde og ikkje tilrådde. Dei viktigaste motsegnspunkta som har ført til at mange tiltak har gått ut, gjeld nasjonale føringar knytt til «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging» og omsyn til landbruk/ jordvern.</p> <p>Av til saman 50 bustadområde som var med i planforslaget ved offentleg ettersyn (både tilrådde og ikkje tilrådde), hadde Fylkesmannen merknader til 45 av områda. Etter slutført dialog er 10 bustadområde vidareført i nytt utkast til kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>Det har i tillegg vore dialog med Fylkesmannen om korleis ein kan tilretteleggja for strøtomter i grendene, for å sikra levande grender. I staden for å avsette einskildtomter til bustadføremaal, eller mindre areal med LNF-spreidd bustadbygging, er det lagt inn retningslinjer i kommuneplanen om krav om dokumentasjon i samband med søknad om dispensasjon. På denne måten er det signalisert at det i visse høve vil bli opna for frådeling av bustadhus i LNF-område, for å sikra vedlikehaldsvekst. Fylkesmannen har ikkje kommentert dette i uttalen sin, men rådmannen opplevde likevel ein aksept i dialogmøtet om å kunna opna for «strøtomter» for å sikra levande grender, under føresetnad av at viktige nasjonale verdiar ikkje vert rørt.</p>	<p>Følgjande bustadareal vert vidareført: B2, B8, B9, B12, B18, B19, B26, B43 og B46. Følgjande areal for fritidsbustader vert vidareført: F2, F9, F15 og F20</p> <p>Følgjande areal for næring vert vidareført: N1, N6, N13</p> <p>Det er lagt inn nye retningslinjer for LNF-område med krav om dokumentasjon om viktige tilhøve ved søknad om dispensasjon, jf. kap. 9.2 i føresegnene.</p> <p>KU for enkeltområde i eige vedlegg, samla KU for kommuneplanen, jf. Planomtalen, og ROS-analyse vert oppdatert.</p>

			<p>vurderte Fylkesmannen at området likevel ikkje var i strid med nasjonale interesser.</p> <p>Det vert vist til informasjon om ny offentleg ettersyn. Fylkesmannen vil då vurdere endringane som er gjort i planframlegget og føreset at konklusjonane frå arbeidsmøtet 24.01.2020 og dialogmøtet 28.04.2020 vert lagt til grunn for det nytt framlegget til arealdel.</p>	<p>KU og ROS vert søkt revidert i tråd med innspel frå Fylkesmannen.</p>	
5	Bane Nor		<p>Viser til planlagde endringar i jernbaneinfrastruktur som vil få konsekvensar for Voss stasjon og Palmafossen som beredskapsterminal for godstrafikk.</p> <p>Er positive til bustadbygging i tettstadene og med hovudtyngd i sentrum.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ber om at terminalen på Palmafossen og resten av jernbanelinja setjast av til jernbaneformål. • Ved utviding av bustad- og næringsområde som medfører auka bruk av planovergangar, vil Bane NOR krevje at det etablerast planskilt kryssing av jernbana. • Ynskjer at punkt 2.4.2 i føresegnene om jernbane, vert likelydande med paragraf i jernbanelova. • Kommuneplanen bør i hovudsak likne på områdeplanen, der lokstallen er regulert til kombinert formål. 	<p>Innspel om å avsette terminal på Palmafossen og jernbanelinja til baneføremål er imøtekomen.</p> <p>Innspel vedkomande krav om planfri kryssing vert tatt til etterretning.</p> <p>Når det gjeld føresegn knytt til baneføremål vert det vist til jernbanelova §10. Det vert for omfattande å ta denne inn i sin heilskap.</p> <p>Når det gjeld Vossevangen viser kommuneplanen til ny områdeplan. Arealføremål og føresegner til denne planen vil vere gjeldande.</p>	<p>Terminal på Palmafossen og jernbaneline er lagt inn i kommuneplankartet med baneføremål.</p>
6	Mattilsynet		Ingen merknad.		
7	Bergens sjøfartsmuseum		<p>Skal underrettast i saker som gjeld sjøareal, og minner om at undersøkingsplikta jf. Kulturminnelova § 9 også gjeld for sjøbotn og i vassdrag. Varsling skal skje via fylkeskommunen, eller med direkte kopi. For omfattande å uttale seg i samband med kommuneplanen, og ynskjer saker på reguleringsplannivå.</p>	<p>Innspel vedkomande undersøkingsplikt og sjøbotn og vassdrag er tatt til etterretning.</p>	<p>Føresegn punkt 4.13 om kulturminne er revidert på bakgrunn av innspel.</p>
8	Direktoratet for mineralforvaltning		<p>Finn forslag til framtidig bruk noko usystematisk presentert med tanke på kart og KU. Uheldig at det ikkje vert presentert eit ferdig plankart. Meiner det er fleire enn dei 4 områda som er avsett til framtidig råstoffutvinning, og ber om at dette vert sjekka.</p>	<p>Innspel frå Direktoratet for mineralforvaltning er langt på veg tatt omsyn til. Plankart og KU for dei ulike områda er søkt presentert på eit tydelegare måte. Det er ikkje lagt inn nye område for framtidige masseuttak, då ein ikkje er kjend med område som manglar. Dette får ein derfor evt. kome tilbake til.</p>	<p>Plankart er retta opp så langt som råd vedkomande omsynssoner og tilhøyrande føresegner.</p>

			<p>Viser til at dersom Voss skal vere sjølvforsynte med grusråstoff dei neste 100 åra jf. planomtalen, er det ein føresetnad at ressursane på Bømoen vert tilgjengeleg for utnytting.</p> <p>Legg til grunn av bandlegginga av Bømoen vert teke ut, når det no ikkje lenger er konflikt med grusressursen ved at område ligg som LNF og råstoffutvinning. Meiner omsynssone H590 må nyttast på areal på Bømoen som ikkje er avsett til råstoffutvinning. Areal i Granvin må oppdaterast, m.a. natursteinsuttaket på Nesbø.</p> <p>Mineralressursar er ikkje utgreia som eige tema, og er usikker på korleis kommunen sikrar at kjende førekomstar vert teke vare på. Gjeld spesielt Granvin og Ullensvang.</p> <p>Område der arealbruk kjem i kontakt med kjende mineralførekomstar; F24 Djønno, SB9 Kjerland, B11 Skielva Nedre, FT3(N3?) og B16 Tjørnhaugane. Her bør kommunen vurdere om ny arealbruk er i tråd med korleis ein ynskjer at mineralressursane skal forvaltast.</p>	<p>Innspel vedkomande reserver på Bømoen er tatt til etterretning. Det er lagt inn omsynssone H590 mineralressursar på dei nye arealføremåla som er lagt inn på Bømoen.</p> <p>Arealføremål næring og fritids- og turistføremål er tatt inn i forslag til kommuneplan, saman med flyplass og idrettsanlegg som låg inne ved sist offentleg ettersyn. All ny arealbruk har plankrav, og viktige omsyn skal vurderast nærare i samband med detaljplanlegging. Bandlegging for regulering er tatt ut. Natursteinsuttaket på Nesbø er tatt inn i plankartet.</p> <p>Mineralressursar er ikkje utgreidd som eige KU-tema, men er omtalt for dei områda dette er mest relevant.</p> <p>Områda som her er vist til er enten tatt ut av kommuneplanen (B16, N3), elles så gjeld dei områda som er avsett ved tidlegare rulleringar (F24, SB9, B11). Områda ligg derfor ikkje lenger inne som ny arealbruk som er omfatta av konsekvensvurderingar.</p>	
9	Statens vegvesen	<p>Føresegn 2.3.3 og 2.3.6 B11 B19 B26 B40 B44 B45 B46 B48 og B49 N6 N19</p>	<p>Kommuneplanen er dels i strid med dei nasjonale forventningane til regional- og kommuneplanlegging 2019-2023 og statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (BATP). Viser til at det er lagt inn område for bustad som ikkje er innanfor eller i nærleiken av definerte sentrumsområda.</p> <p>Nye område for bustad bør berre leggst inn dersom det er mogleg og realistisk å utbetre eller etablere gode tilbod for gåande og syklande.</p> <p>Det bør leggst inn rekkefølgjekrav som sikrar etablering/utbetring av tilbod for kollektiv, gåande og syklande i område med endra arealføremål. Det vert vist til trafikktryggleik, folkehelse og tilrettelegging for gange/sykling.</p> <p>Viser til punkt om opning av 2 einingar utan krav om reguleringsplan. Ber om at føresegna vert endra til berre å</p>	<p>Det er lagt inn generelle krav til kvalitet, jf. punkt 4 i føresegnene. Her er tema tatt opp i SVV sin høyringsuttale som kollektiv, gang/sykkel, trafikktryggleik, folkehelse m.m. er omtalt.</p> <p>Det er tatt inn generelle føresegner om rekkjefølgjekrav knytt til etablering av gang/sykkelveggar, jf. punkt 3.2.</p>	<p>Endring i føresegnene;</p> <ul style="list-style-type: none"> - punkt 3.1 om plankrav - punkt 3.2 om rekkefølgjekrav - punkt 6.1 om vegføremål <p>For områda B19, B26 og N6 er omtale av områda/føresegner konkretisert i tråd med innspel frå SVV.</p> <p>Områda B40, B44 og B45, B48 og B49 og N19 er ikkje vidareført.</p> <p>Trase for gang/sykkelveg langs Granvinsvatnet er vidareført frå gjeldande plan.</p>

		<p>gjelde der det ikkje er behov for ny eller utvida bruk av avkøyrsløse frå riksveg. Tilsvarande bør avklarast med fylkeskommunen for fylkesveg.</p> <p>Viser til at vegnormal N100 ikkje er omtalt. Det bør innarbeidast i føresegna at denne må leggjast til grunn for reguleringsplanar som omfattar offentleg veg.</p> <p>Konkrete innspel til ny arealbruk:</p> <ul style="list-style-type: none"> • B11 Haugsvik - tilkomst frå E16 må avklarast i reguleringsplan. • B19 og B26 –tilhøve til Vangstunnelen må avklarast med SVV. • B40 Bakkane - tilrettelegging for mjuketrafiikantar må sikrast i rekkefølgekrav • B44 Raaberget – det må leggjast inn bandleggingssone som sikrar ny kryssløysing, og det må leggjast inn rekkefølgekrav om planskilt kryssing av rv13. Området lengst sør ligg for tett på rv 13 og bør utgå. Hovudtilkomst bør vere via Tvildesvegen. • B45 Vinje – ligg tett på E16, byggegrense må avklarast. Veg parallell med føremålsgrensa i vest ser ut til å vere bratt og bør ikkje nyttast som tilkomstveg. • B46 Øvsthus - stor avstand frå lokalsenter og medfører stort transportbehov. Tilbod for mjuke trafikanter langs Granvinsvatnet og til Granvin sentrum bør sikrast. • B48 og B49 Hausneslia 1 og 2 - tilkomstveg og løysing for mjuke trafikanter til Granvin sentrum må visast. Pga høgdeforskjell er området lite attraktivt for gåande og syklende. Medfører transportbehov. Rår sterkt i frå at desse områda. • N6 Gjernes. Bør utarbeidast reguleringsplan for heile området, og plan må omfatte tilkomstveg og kryss. Må vurdere løysing for gåande og syklende. 	<p>Behov for ny eller utvida bruk av avkøyrsløse frå riksveg eller fylkesveg er tatt med som eit av kriteria ved vurdering av plankrav, jf. punkt 3.1 i føresegnene.</p> <p>Utbygging i tråd med SVV sine vegnormalar er vist til i føresegnene for vegføremål, jf. punkt 6.1</p> <p>B11 ligg inne i gjeldande kommuneplan og tiltaket er tatt ut som nytt føremål. Tilkomst må avklarast ved regulering av området.</p> <p>B19 og B26: Det er plankrav for begge områda, og tilhøve til Vangstunnelen må avklarast i samband med dette.</p> <p>B 44 er ikkje vidareført</p> <p>B45 er ikkje vidareført.</p> <p>Justert versjon av B46 er lagt inn med plankrav og opning av inntil 6 ny bu einingar. Gang/sykelvegtrase langs Granvinsvatnet er vist i plankartet. Tiltak for mjuke trafikanter må avklarast i samband med regulering.</p> <p>B48 og B49 er ikkje vidareført.</p> <p>For N6 Gjernes er det lagt inn krav om at ny tilkomst må løysast i samband med regulering av området.</p>	
--	--	--	---	--

			<ul style="list-style-type: none"> N19 Hausnes – dei ynskjer ikkje ny aktivitet eller nye avkøyrslar så nære riksvegen. Eksisterande kryss Hausnesvegen må evt. nyttast og utbetrast. Massedeponi – Bolstad- viser til at krysset mot E16 truleg vil trenge utbetring dersom denne skal nyttast som tilkomst til deponi. Viser til Bane Nor sitt reguleringsarbeid og behov for avklaring med både Bane Nor og SVV. <p>Viser til rekkjefølgjekrav som gjeld trafikktryggleik og mjuke trafikantar i gjeldande kommuneplan. Desse bør vidareførast. Viser også til at det bør sikrast areal til gangs-/sykkelveg langs Ringheimsvegen, langs Granvinsvatnet.</p>	<p>N19 er ikkje vidareført.</p> <p>Mogleg massedeponi på Bolstad er vist som temakart som ligg vedlagt planen. Det er behov for vidare utgreiingar før områda evt. kan leggjast inn i plankartet som juridisk bindande føremål. Innspel frå SVV vert tatt med i det vidare arbeidet.</p> <p>Det er lagt inn rekkjefølgjekrav som gjeld trafikktryggleik og mjuke trafikantar jf. omtale over. Det er lagt inn trase for gang/sykkelveg langs Granvinsvatnet, men ikkje for Ringheimsvegen. Fylkeskommunen som vegeigarar bør vere ein samarbeidspart ved vidare vurderingar av ny gang/sykkelveg langs Ringheimsvegen.</p>	
10	Vik kommune		<p>Vedtak i Formannskapet, sak 097/19:</p> <ol style="list-style-type: none"> Det er positivt at arealdelen samsvarar med Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde 2016-2027, og at det ikkje vert lagt opp til ny arealbruk i Myrkdalen og i området langs med kommunegrensa på Vikafjellet. I arealdelen må det avsetjast areal til til vegtrasè, tunnelpåslag og deponi for tunnelmassar for bygging av Vikafjells-tunnelen. I arealdelen må det avsetjast areal til fleire parkeringsplassar langs med rv. 13 over Vikafjellet for å unngå langsgående parkering og innsnevring av køyrebana på store utfartsdagar. 	<p>Innspel frå Vik kommune er førebels tatt til orientering. Det har ikkje vore kapasitet til å sjå nærare på parkeringstilhøva på Vikafjellet i denne omgangen, men ein er samd med Vik kommune i at dagens parkeringssituasjon er utfordrande.</p> <p>Når det gjeld ny vegtrase over Vikafjellet avventar ein også innspel frå SVV om denne skal med, ved ny høyring.</p>	
11	Fiskeridirektoratet		<p>Meiner planen i tilstrekkeleg grad tek vare på fiskeri- og akvakulturinteresser i sjøområdene.</p> <p>Meiner framstilling av kart kan forbetrast, og punkt i føresegnene om sjøområda kan med fordel gjerast meir utfyllande.</p>	<p>Føresegner knytt til bruk og vern av sjø og vassdrag er gjort meir utfyllande og knytt til ulike arealføremål, jf. punkt 10.1 til 10.9 i føresegnene.</p> <p>Det er elles gjort utbetringar i kartframstillinga.</p>	Punkt 10.1. til 10.9 i føresegnene.
12	Kystverket		<p>Viser til at registrerte farleier må takast omsyn til i kommuneplanen med eigne arealføremål og føresegner.</p>	<p>Farleier er lagt inn i plankartet og er omtalt i føresegnene. I tillegg er navigasjonsinnretningar omtalt i tråd med Kystverket sitt innspel, jf. punkt 10.2.</p>	Føresegner Punkt 10.1 til 10.9.

			<p>Det same gjeld navigasjons-innretningar, og føresegnene bør opne for ein aksept for etablering av nye.</p> <p>Vidare skal ankringsområde og fiske visast med eigne arealføremål, eventuelt i kombinasjon. Småbåthamn og akvakultur bør ekskludere andre føremål som farlei og ferdslø. Det er også viktig med dialog med nabokommunar.</p> <p>Oppsummert har kystverket følgjande faglege råd:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kystverket oppmodar Voss herad til å omtala sjøretta næringar i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel på lik linje med andre næringar. • Arealplankartet bør reviderast i tråd med revidert kart- og planforskrift. • Dei stripla linjene til bileiene «Granvinfjorden» og «Eidfjorden» må illustrerast i arealplankartet jf. Forskrift om farleder • Kommuneplanen sin arealdel med føresegner bør ha føresegner til arealføremåla ferdslø og farleier. • Kommuneplanen sin arealdel med føresegner bør ha føresegner til ankringsområdet «Granvin Havn». • Føresegnene bør tillate nyetablering og vedlikehald av navigasjonsinnretningar • Der fiskeriinteresser ligg i farvatn som og har status som hovud- eller bilei må ein ha kombinert arealføremål «farlei/fiske» • Om ein planlegg småbåthamner må ein ta omsyn til nyttetraffikken. • Om akvakultur vert planlagt er det viktig at farleia vert synt med både hovud- og bileier, og med naudsynt areal for skipstrafikken. • Nabokommunane sine land- og sjøkonjekturar bør visast i arealplankartet for å gi ei heilskapleg framsyning 	<p>Ankringsområde, fiske, småbåthamn m.m. ligg inne som eigne arealføremål. Innspel er tatt til etterretning.</p> <p>Innspel er tatt til etterretning, og plankart og føresegner er oppdatert så langt som råd.</p>	<p>Farleier er lagt inn i kommuneplankartet.</p>
13	Villreinemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell	F8 N2	<ul style="list-style-type: none"> • Saknar oversikt over gjeldande fylkesplanar og <i>Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde</i> og <i>Regionalplan for Nordfjella villreinområde med Raudafjell</i> 	<p>Villrein er omtalt nærare både i samfunnsdelen og i planomtalen til arealdelen.</p> <p>Omsynssone er justert i tråd med innspel.</p>	<p>Planomtalen omhandlar villrein.</p> <p>Omsynssone er justert i tråd med innspel.</p>

		<ul style="list-style-type: none"> Ynskjer justering av omsynssone OM 560_4, jf. merknader og oppdatert kartutsnitt. <p>Merknader til nye tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> F8 Breiset, Raundalen. Gjelder to nye hyttetomter. Del av Raudafjell villreinområde, frarår at det vert bygd bilveg. N2, Breiaset, Vossestrand. Gjelder lokale for snøskuteropplæring. Område ved Breiaset er alternative vinterbeite for rein. Kommunen må påsjå at tiltaket ikkje fører til eit auka tal skutarturar i vinterbeite for rein, og det vert tilrådd utarbeiding av reguleringsplan for både bygg og aktivitet i sjølve øvingsområdet. 	<p>F8 er ikkje vidareført i kommuneplanen.</p> <p>N2 er vidareført med ei avgrensing av ny utbygging på 100 m². Opplæringsområdet for snøscooter i tråd med lokal føresegn etter motorferdslelova er lagt inn i plankartet som omsynssone 740. Bruken av snøscooter innanfor området er regulert i denne forskrifta.</p>	<p>F8 er ikkje vidareført.</p> <p>Føresegner for N2 er spesifisert, jf. Kap. 5.8 i føresegnene. .</p>
--	--	--	---	---

VERKSEMDER, LAG OG ORGANISASJONAR					
	Avsendar	Gnr./bnr. eller felt nr.	Merknad/oppsummering	Kommentar	Endring i kommuneplanen
14	Statnett		<p>Viser til at anlegg bygd i medhald av anleggskonsesjon i all hovudsak er unntatt handsaming etter plan- og bygningslova. Transmisjonsnettleidningar skal ikkje teiknast inn med føremål i kommuneplanen, men innarbeidast som omsynssone H740 (bandlegging etter energiloven) med tilhøyrande føresegn.</p> <p>Omsynssone må vere i tråd med leidningsanleggets forbodsbelte, jf. vedlagt informasjon. Ber også om at omsynssona vert trekt over tomte for Evanger transformatorstasjon. Viser til NVE-retteleiar 2-2017.</p> <p>Viser også til 30-meters varslingsgrense for anleggsarbeid nært høgspentanlegg jf. eigen retteleiar.</p> <p>Ber om at ROS-analyse for planen/tiltaket gjennomførast med tanke på transmisjonsnett</p>	<p>Innspelet tatt til etterretning og aktuelle leidningsnett og Evanger transformasjonsstasjon er lagt med omsynssone 740 i plankartet.</p> <p>Varslingsgrense på 30 meter er tatt med i føresegner for omsynssona jf. punkt 11.5 – 3.</p> <p>Omtale av transmisjonsnett som kritisk infrastruktur bør inngå som del av vurderingane i</p>	<p>Omsynssone OM740 er lagt inn i plankartet med tilhøyrande føresegner, jf. kap. 11.5.</p>

			<p>som kritisk infrastruktur. Analyse må behandle både gjennomføring og ferdig bygget anlegg.</p>	<p>den heilskaplege ROS-analyse for Voss herad; kommune- ROS. I samband med kommuneplanen vert det gjort KU-vurderingar for nye tiltak.</p>	
15	BKK		<p>BKK Nett har anleggskonsesjon i dagens Voss og Granvin herad. Kommuneplanen må derfor ta høgde for dei anlegg som det er nødvendige for å sikre strømforsyninga i regionen.</p> <p>Viser vidare til manglande føresegner for omsynssoner langs kraftleidningar, jf. pkt. 2.4.4. Tiltrår at det vert eigne føresegner for kraftleidningar og transformatorstasjonar. Planen manglar også føresegner til omsynssonene for kraftleidningar. Viser til vedlagt informasjon om breidde på omsynssoner for byggeforbod for dei ulike kraftleidningane i kommunen.</p> <p>Viser også at det manglar omsynssoner for transformatorstasjonar, som bør følgje stasjonstomta sine eigedomsgrensar, og legg ved informasjon om desse.</p> <p>Påpeiker at det ikkje skal føreligge informasjon om spenningsnivå, betegnelse/namn på anlegg eller funksjon som energianleggene har, jf. NVE sin rettleiing til forskrift om beredskap i kraftforsyning.</p>	<p>Det er ikkje lagt inn areal for framtidige anlegg for å sikra strømforsyning, då det ikkje har kome konkrete innspel om behov for dette.</p> <p>Leidningsnett er lagt inn som omsynssone OM740 med tilhøyrande føresegner i tråd med innspel, jf. også kommentar til innspel frå Statnett</p> <p>Transformasjonsstasjonar er også lagt inn med omsynssone OM740.</p> <p>Innspel frå BKK er elles tatt til etterretning.</p>	<p>Omsynssone OM740 er lagt inn i plankartet med tilhøyrande føresegner, jf. kap. 11.5.</p>
16	Bondelaga på Voss		<p>Viser til at Voss er blant dei største landbrukskommunane i Vestland fylke. Dei er derfor kritiske til å nedbemanna landbrukskontoret, og viser m.a. til tilskot som vert generert via landbrukskontoret, og nye utfordringar i landbruket. Vidare er dei positive til strøtomter for å halde oppe busetnad i grendene, men det må ikkje byggjast på dyrka mark. Næring tilknytt landbruket bør tillatast i LNF-område.</p>	<p>Kommuneplanen sin samfunnsdel omtalar landbruket som viktig del av næringslivet på Voss.</p> <p>Når det gjeld moglegheiter for strøtomter for å sikre vedlikehaldsvekste ute i grendene, vert det vist til kommentar til innspel frå Fylkesmannen. Næring tilknytt landbruksdrift er i tråd med arealføremål.</p>	<p>LNF er supplert med retningslinjer som omhandlar krav om dokumentasjon ved søknad om dispensasjon for frådeling til bustadføreml, jf. kap. 9.2 i føresegnene.</p>
17	Aksjonsgruppa for ny veg Nærøydalen - Skulestadmo		<p>Konstaterer at kanskje det viktigaste temaet for innbyggjarane ikkje er omtala i ny kommuneplan. Dette til trass for store moglegheiter for bygging av fritidsbustader i Myrkdalen og trafikkaue. Viser også til stor andel av tungtrafikk. Kommunen må ta</p>	<p>I kommuneplanen er utbygging av E16 mellom Arna og Voss omtalt.</p>	

			<p>høgde for utviklinga i Myrkdalen og regionen, og legge til rette ny E16 med påkopling til Rv 13 mot Myrkdalen. Viser til store utfordringar langs dagens trase.</p> <p>I kommuneplanen burde det vore peika på at det må planleggjast for løysingar som tener til innbyggjarane og regionen sitt beste, slik at ikkje berre gjennomgangstrafikken vert prioritert.</p>	<p>Arbeid med ny kommunedelplan mellom Slæn og Tvinno pågår. I samband med dette planarbeidet må ny trase for E16 og tilkopling mot Myrkdalen avklarast. Tidlegare Voss kommune har i samband med dette planarbeidet, både politisk og administrativt, spelt inn at påkopling mot Myrkdalen er viktig.</p>	
18	Voss naturvernlag og Hordaland Naturvernforbund	N14/N15 N18 F13 og F14	<p>Oppsummert tilrår dei</p> <ul style="list-style-type: none"> • at områda Trohaug (N14/N15), Måvotno-Storlia (F13), Rusti-Vatnasete (F14) og Snaueggi (N18) går ut, og at desse områda vert bevart som dei er i dag. Viser til viltinteresser, sårbare myrområde og naturverdiar generelt. • tilrår å utarbeida ein kommuneplan for naturmangfald, setja ei utbyggingsgrense, og ikkje gje løyve til inngrep i myr. • å sørga for at støygrensene i Bømoen vert etterfulgt. • å oppretta omsynssone i Kvanndal, i tråd med påviste naturverdiar. Føreslår at retningslinje for omsynssone naturmiljø vert spissa. <p>Viser til at kvar 3. bustad på Voss og i Granvin er ein fritidsbustad. I tillegg til sjølve hyttene utgjer vegar og anna infrastruktur store inngrep. Her vert det vist til handsaming i fellesnemnda og punkt om at det skal vurderast å opne for etablering av vegar i hyttefelt i ettertid. Ein slik moglegheit bør ikkje leggjast inn som ein generell føring i planen.</p> <p>Viser til høringsfråsegna til NOF Hordaland og stiller seg bak denne.</p> <p>Har innspel om at planen bør har føresegner som gjeld klimatilpassing, våtmark og vassdrag, og er positive til at det er sett soner for vernskog med tilhøyrande føresegner.</p>	<p>Område N14, N15, F13, F14 og N18 er ikkje vidareført.</p> <p>Spørsmål om eigen kommunedelplan for naturmangfald må avklarast i planstrategien for Voss herad.</p> <p>Det er lagt inn tydelegare føringar for støy i føresegnene, jf. punkt generelle føringar i 4.14 og føresegner til støysoner i punkt 11.2. Tilhøve til støy må følgjast opp i samband med vidare detaljplanlegging i Bømoen, og i samband med drift av flyplassen.</p> <p>Det ligg omsynssone friluftsliv i den inste delen av Kvanndalen.</p> <p>Retningsline for vegbygging i allereie etablerte område for fritidsbustad jf. punkt 5.3 er ikkje foreslått endra.</p> <p>Det er lagt inn nokre utfyllande føresegner knytt til miljø og klima, m.a. i punkt 4.5, 4.10 og 4.11.</p>	<p>Område N14, N15, N18, F13 og F14 er ikkje vidareført.</p> <p>Føresegner er revidert; 4.5, 4.10, 4.11 om miljø og klima, 4.14 og 11.2 vedk. støy</p>

			Føreset at kommuneplanen er i samsvar med den interkommunale planen for Fjellheimen villreinområde.	Omsynssone for villreinområde er justert i tråd med innspel frå villreinnemnda.	
19	Norsk Ornitologisk foreining, avd. Hordaland	B10 F13 F14 F16 F17 N1 N5 N6 N13 N14/N15	<p>Kommenterer arealdisponering der dei meiner at naturverdiar knytt til fugl ikkje vert ivareteken.</p> <p>Reagerar på verdi- og verknadsvurdering for naturverdiar og biologisk mangfald.</p> <p>Tilrår på det sterkaste at områda N5 Nygaard, N6 Gjernes, N14/N15 Trohaug og F13 Måvotno-Storlia vert teke utav kommuneplanen.</p> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> • B10 Brudestolen. Verdi bør endrast til «middels» og området bør ikkje inngå i planen. • F13 Måvotno-Storlia. Relativt inngrepsfri natur, «viktig viltområde» i viltrapport for Granvin. Reagerer på at verknad er satt til «0» ettersom planlagde tiltak med sannsyn vil medføre infrastruktur og auka ferdsle og aktivitetar langs vatnet, noko som er problematisk for fuglelivet. Buffarsonar mot myrområde må vere >100 m og plan for å unngå ferdsle langs vatnet. Krav om KU m.a. status for hubrotilhald og verdi for våtmarksfugl. • F14 Rusti-Vatnasete. Same som over. • F16 Vatnasete. Same som over. Støttar heradets vurdering om å ikkje ta med området i KPA. • F17 Vetlelia. Støttar heradets vurdering om å ikkje ta med området i KPA. Verknad bør endrast til «-1» • N1 Flisram-Vossestrand. Spesielt rikt fugleliv. Støttar heradets vurdering om å ikkje ta med området i KPA. Verdivurdering må endrast til «middels». Verknad bør endrast til «-1» • N5 Nygaard. Støttar heradets vurdering om å ikkje ta med området i KPA. Verdivurdering må endrast til «middels». Verknad bør endrast til «-1». 	<p>Dei fleste av områda Norsk Ornitologisk foreining er kritiske til er ikkje vidareført i planforslaget.</p> <p>Område som er vidareført er næringsområda N1, N6, og N13, og desse er kommentert under.</p> <p>N1 er tatt inn i ein redusert form. Verdi og verknad er endra i tråd med innspel.</p>	<p>Forslag til tiltak er tatt ut av planforslaget; B10, F13, F14, F16, F17, N5, N14 og N15.</p> <p>N1, N6, og N13 som er vidareført, er delvis justert i tråd med innspel. Omsyn til viktige naturverdiar er tydeleggjort i verdi- og konsekvensvurderinga.</p>

			<ul style="list-style-type: none"> • N6 Gjernes. Påpeiker verdien av dei sentrumsnære furuskogane. Støttar heradets vurdering om å ikkje ta med området i KPA. Etterlysar at det vert gjort tiltak slik at drifta samsvarer med arealformål og regelverk. Verdivurdering må endrast til «middels» eller «stor». Verknad bør endrast til klart negativ «-1» • N13 Kvitno-Bordalen. Viser til kollisjonsrisiko for fleire fugleartar, spesielt tunge og hurtigflygande artar som hønsfugl. Luftstrekke på tvers av dalen er særskild uheldig. • N14/N15 Trohaug. Merknader vedkomande Zip-line. Zip-line er trekt frå planen. Området på Trohaug er vurdert som «svært viktig viltromåde» i viltrapporten for Granvin. Stor tiurleik. Meiner at tiltaka vanskeleg let seg gjennomføre utan store konsekvensar for tiur. Tilrår at arealformål LNFR behaldast. Verdivurdering må endrast til «stor». Verknad bør endrast til sær negativ «-2». • Omsynssone for bevaring av naturmiljø i Melsvatnet bør utvidast til å omfatte heile Melsvatnet og Ænsstraumen. 	<p>N6 ligg er vidareført i kommuneplanen med noko redusert areal. Det er plankrav før etablering av nye tiltak i området, og det er lagt inn føringar om vidare utgreiingar i samband med dette. Vurdering av verdi og konsekvensar er justert i tråd med innspel.</p> <p>N13 er vidareført i kommuneplanen. Det er krav om reguleringsplan før utbygging, og i samband med dette må fleire tilhøve utgreiast nærare, m.a. konsekvensar for fuglelivet.</p> <p>Det er førebels ikkje gjort endringar av denne omsynssona. Det er vurdert at dei viktigaste områda er lagt inn som omsynssone naturmiljø.</p>	
20	Organisasjonar på Bulken		<p>Ynskjer ei vidareutvikling av Bulken, som består av Bulken sentrum og dei fire grendene Dalane, Vikje, Dyrvedalen og Vestbygdi. Området mellom Bulken stasjon og Bulken skule og barnehage er sentrum med fellesfunksjonar og kollektivtilbod. På bakgrunn av dette ynskjer dei Bulken inn som eit eige nærsenter i kommuneplanen.</p> <p>Viser til at Bulken i tillegg til skule, barnehage og kollektivtilbod har aktive lag og organsiasjonar og eit inkluderande lokalsamfunn, idrettsanlegg, bustadfelt, ungdomshus/ samlingshus m.m.</p>	<p>Voss herad si målsetjing om levande grender og utvikling knytt opp mot senterstrukturen har vore drøfta fram mot ny utlegging til offentleg ettersyn. Målsetjinga om levande grender er tydeleggjort i kap. 2.4 i planomtalen.</p> <p>Det er ikkje mogleg å ta ein ny større gjennomgang av senterstrukturen i denne omgang, men dette tema bør arbeidast vidare med i samband med neste rullering av kommuneplanen.</p>	Kap 2.4 i planomtalen er tydeleggjort med tanke på mål om levande grender.
21	Invest in Bergen		<p>Viser til samfunnsdelen sine tre fokusområde; attraktive Voss, inkluderande Voss og innovative Voss, og meiner dette er gode målsettingar. Saknar</p>	<p>Innspel knytt til fiber og elkraft er vurdert i samband med samfunnsdelen.</p>	Nytt næringsareal på Bømoen er lagt inn i planforslaget.

			likevel eit fokus på fiber, saman med elkraftsatsning. I arealdelen har dei fokus på næringsinteresser. Viser til reiseliv og kunnskapsarbeidsplasser sentralt, og til dømes Kitemill. Meiner likevel kommunen er defensiv vedk. tilrettelegging av nye næringsareal når det vert vist til Voss sentrum og Istad. Viser her til Bømoen som eit alternativ, der kommunen burde vore tydlegare med tanke på framtidig bruk som næringsareal.	Det er god tilgang på ulike typar av næringsareal i kommunen, både på Istad, på Tvildemoen, på Palmafossen, i Skulestadmoen og i sentrum. I tillegg vert det lagt inn eit nytt næringsareal på Bømoen, der det vert opna for ulik flyplassrelatert næringsverksemd, kontor, lager, industri. Kitemillprosjekta er ikkje vidareført i kommuneplanen.	
22	Stiftinga Bergsliminne		Innspelet er kopi av eit svar til Norstrand Eiendomsrådgiving vedk. gnr 196. bnr. 8, eigar Jørgen Sture. Skriv at dersom eit vern av kunstnarheimar skal ha effekt, må omsynssoner også omfatte randsoner rundt.	Omsynssoner rundt kunstnarheimar er vidareført i planforslaget.	
23	Granvin IL		Ynskjer at Kyrkjeteigen fortsatt skal vere i kommunalt eige, og at området skal utviklast til aktivitetar knytt til friluftsliv. Ser moglegheiter for samarbeid med fleire lag om aktivitetar.	Tatt til orientering. Arealet ligg som LNF, og aktivitetar knytt til friluftsliv vil til ein viss grad vera i tråd med føremålet.	
24	Nærøyfjorden Verdsarvpark		Viser til at Verdsarvparken er eit samarbeid mellom kommunane Aurland, Vik, Voss, Lærdal og Sogn og Fjordane fylkeskommune, som vart skipa i 2008. Er positive til planframlegget si forankring i FN's berekraftsmål, men meiner det at samfunnsdelen må vere meir tydeleg på korleis dei vil forvalte verdsarven Vestnorsk fjordlandskap.	Verdsarvområdet som ligg i Voss herad er lagt inn i planen med omsynssone kulturmiljø som er område med særskilde kvalitetar knytt til kulturmiljø og kulturlandskap. Vestnorsk fjordlandskap har fått styrka omtale i samfunnsdelen, både i forordet og i samband med skildringa av alle verneverdiane heradet har.	Verdsarvområde lagt inn i plankartet som omsynssone 570. I føresegnene er det lagt inn eigne retningsliner til området, jf. punkt 11.4 – 4.

PRIVATE					
	Avsendar	Gnr./bnr. eller felt nr.	Merknad/oppsummering	Kommentar	Endring i kommuneplanen
25	Grunneigarar Breiset Gnr/bnr 90/25 og 90/26 Arnfinn Gjerdåker Anne Rivenes Trygve Refsdal Annelise Thorbjørnsen	F8 Breiset	Innspelet kjem frå naboar, gnr/bnr 90/2 og 90/9. Dei viser til at Breiset er eit støslområde med tradisjonelle sel og aktiv beiting av husdyr. Vidare viser dei til at dei tre eksisterande hyttene har utgangspunkt i eigedomar på Gjerdåker, delvis med slåttemark, og den eine hytteeigaren har i nyare tid hatt sau på beite på Breiset.	På grunn av omsyn til kultur- og stølslandskap og landbruksinteresser er ikkje F8 Breiset vidareført i planforslaget.	F8 er tatt ut av planforslaget.

			<p>Er sterkt usamde i framlegg om to nye hytter på Breiset. Dei eksisterande hyttene er ein del av stølslandskapet, men fleire hytter vil endre karakteren frå stølsområde til hyttefelt. Stølsområdet har eit verdifullt kulturlandskap som bør tas vare på. Viser også til at det er rikeleg tilgang på hyttetomter i Raundalen.</p>		
26	Sven E. Myrtveit og Inge Ygre på vegne av grender rundt Bømoen	Bømoen - støy	<p>Dei som bur rundt Bømoen har i ein årrekkje stilt spørsmål til korleis det går an å ureine miljøet med flystøy, trass i gjentakande innspel til planar. Meiner kommuneplanen tek for lite omsyn til miljøet, og viser til auka kunnskap om helsemessige konsekvensar av støy.</p> <p>Jf. kommuneplanen og det grøne skiftet: Stiller spørsmål til om mål om berekraftig utvikling er i samsvar med det enorme drivstofforbruket til flysportsaktiviteten.</p> <p>Jf. punkt 1.9.1 om Bømoen. Meiner grunnlaget for støysonekartet ikkje er tilfredsstillande, og uansett støysone vert dei forulempa av ikkje ønskeleg støy.</p> <p>Jf. punkt 1.15 om vidareutvikling av luftsportsaktiviteten. Har innspel om at flyaktiviteten ikkje må aukast eller utviklast, heller reduserast. Viser til ureiningslova om støy. Ulemper for nærmiljøet har i minimal grad vore ivaretatt, og dei viser til innspel i samband med områdeplan for Bømoen.</p> <p>Viser også til manglande oppfølging av nasjonale mål for støyreduksjon og inneverande kommuneplan sitt mål om støyreduksjon.</p> <p>Meiner kommunen er for passiv når det gjeld klimatilpassing. Stiller spørsmål til korleis kommunen skal redusere klimautslepp samtidig med tilrettelegging for lite klimavenleg luftmotorsport? Viser til fokus på transportsektor</p>	<p>Problematikk kring støy var eit viktig tema undervegs i arbeidet med områdeplanen for Bømoen. Det vart gjennomført omfattande støyanalyser i samband med planarbeidet. Målet var å finne rammer for flyplassaktiviteten som var levelege for både luftsportsmiljøet og nabolaget.</p> <p>Luftsportsmiljøet er viktig for Voss og skal vidareførast på Bømoen. Det må derfor arbeidast vidare med å redusere ulempene for naboar, samtidig som aktiviteten må ha levelege vilkår. Støy er ein kompleks problemstilling, og helsemessige konsekvensar av støy er ikkje ein faktor som er lik for alle. Som innspelet viser til er det uansett støysoner eller ikkje, ei oppleving av uønska støy knytt til flyplassen frå mange.</p> <p>Skal luftsportsmiljøet vidareførast må det ha moglegheiter for utvikling. Samtidig gir konsesjonen ein ramme for flyplassaktiviteten. Aktiviteten kan heller ikkje aukast på ein slik måte at den går utover ut over rammene støysonene gir. Framover vil truleg teknologien spele ei viktig rolle. Nye flytypar genererer mindre støy, og i ein framtidig situasjon kan ein sjå føre seg bruk av elektriske fly.</p> <p>I inneverande kommuneplan er det eit mål om å redusere støy mest mogleg. Dette er vidareført i ny kommuneplan, saman med andre viktige mål som t.d. klimavenleg utvikling. I samband med alle nye planar vil dette vere tema som vert utgreidd og vurdert. Dette betyr likevel ikkje det</p>	<p>Det er tatt med nytt punkt i føresegnene, 4.14 som gir føringar knytt til støy og forureining for nye tiltak.</p>

			<p>og landbruk, men saknar fokus på fritidsaktivitetar som nyttar omfattande mengder drivstoff.</p> <p>Jf. punkt om omtale av klimatilpassing(1.18) og føresegn om luftssport(2.3.11): Meiner at detaljreguleringsplan for luftsport/idrett må verta utsett til støysonkartlegginga er gjennomført, og at miljøkonsekvensar vert sett i samanheng med heradet sin plan for klimautslepp.</p> <p>Jf. punkt om flyplassen (2.4.3). Deira innspel er at Voss herad som konsesjonshavar kan stille krav til brukarar/leigetakarar om offentleg loggføring m.m. og at føresegner for flyging og flytider skjer i samarbeid med grendene rundt som vert ramma av ulempene.</p> <p>Har vedlagt innspel til områdereguleringsplanen for Bømoen.</p>	<p>same som at ein klarer å planlegge seg bort frå utfordrande situasjonar i alle saker.</p> <p>Vurdering av støy og forureining vil vere tema i samband med detaljreguleringsplan for luftsportsaktivitet på Bømoen. Skal planen opne for ny eller auka aktivitet, må det gjennomførast nye utgreiingar.</p> <p>Frå 1. juli 2018 vart det innført obligatorisk landingsløyve for alle brukarar av flyplassen. Brukarane registrerer tidspunkt og tal bevegsar etter endt flyging. Flyplassen er dagleg oppdatert på aktiviteten på flyplassen. Systemet er tatt godt imot av brukarane og Voss herad er trygg på å halde krava til trafikkdata ihht. konsesjonsvilkåra (del 2, 3. avsnitt).</p> <p>Konsesjonsvilkåra spesifiserer ikkje at loggføringa skal være offentleg, men å gjere dei offentleg er uproblematisk. Luftfarstilsynet kan krevje å få dei tilsendt.</p> <p>Vedlagte innspel til områdereguleringsplanen vert tatt til orientering.</p>	
27	Jorunn og Håvard Hanto-Haugse	N8	<p>Ber om at søknaden vert endra til søknad om regulering tilbake til landbruksføremål. Dei ynskjer å bygga eit lager for reiskapar og andre driftsmidlar, og for mellomlagring av frukt. Regulering til fritidsbustader kom inn utan at grunneigar tok initiativet, og arealet kan ikkje takast i bruk til fritidsbustader utan at det går utover drifta av garden. Ber om at dei får høve til å nytte arealet til lagerbygg slik at dei kan satse vidare på gardsdrifta.</p>	<p>Etter dialog med grunneigarane er område dei ynskjer omgjort til næringsareal tatt ut som areal til fritidsbustader. Det er ikkje lagt inn næringsføremål på området, men det er tilbakeført til LNF. Dette opnar for bruk av arealet i samband med drift på eigedomen.</p>	Omsøkt areal N8 er tilbakeført til LNF.
28	Sigurd Knapstad	B20 Veiso	<p>Merknad i frå forslagsstillar. Ynskjer å skilje ut 1-2 tomter til familie. Områda som er søkt om er i følgje forslagsstillar ikkje egna til dyrking. Ynskjer evt. forslag til andre delar av garden som kan egnast til utskiljing.</p>	<p>Det er ikkje opna for einskildtomter utan at dette er ei utviding av eksisterande bustadfelt eller ligg tilknytt senterstruktur, jf. også kommentar til utatale frå Fylkesmannen.</p> <p>I området Opeland- Bjørgum er det ei stor reserve av bustadfareal i kommuneplanen.</p>	B20 er ikkje vidareført i planforslaget.

29	Ivar Husdal	B45 Vinje	<p>Foreslår at ein planlegg ny veg til øvre Vinje gjennom B45. Tal tomter fastsetjast med omsyn til noverande og planlagde vegar i området. Tilrår stegvis utbygging av veg og tomter i B45 langs vedteken vegtrase mot øvre Vinje.</p> <p>Må ta omsyn til vernestatus for Christiania Postveg. Viser elles til stort potensiale for næring, bustader og turisme.</p> <ul style="list-style-type: none"> Innsendar visar også til heradet si vurdering av B2 «Tiltaket må ikkje sperra for ei framtidig vegløyning som sikrar veg til øvre Vinje». 	<p>Bustadområde på Vinje, B45 er ikkje vidareført i planforslaget. Viktige årsakar til dette er kulturminne- og kulturlandskapsomsyn, manglande gang/sykkelveg til skule/barnehage og idrettsanlegg, nærleik til E16 og støy.</p> <p>Innspelet er tatt til orientering.</p>	B45 er ikkje vidareført i planforslaget.
30	Lise Torvik Aldal	Punkt 2.7.5 – føresegner for LNF-område for spreidd bygging av fritidsbustader	<p>Finn det uklart om føresegner for spreidd bygging av fritidsbustader også omfattar eksisterande hytteeigedomar der det ikkje generelt er opna for spreidd bygging av fritidsbustader, og meiner dette bør presiserast.</p> <p>Har elles følgjande kommentarar; Meiner 5 meter byggehøgde ikkje gir estetisk utforming ved bygg på 110 kvm. Flate tak høyrer heller ikkje heime. Foreslår endring til 6,5 meter pluss høgde grunnmur.</p> <p>Generelt gir føringane mykje strengare begrensningar på areal og mønehøgde enn det som oftast gjeld i regulerte felt. Foreslår derfor at det vert opna for å vurdere mønehøgde opp mot nærliggjande bygg.</p>	<p>Ved oppføring/rehabilitering av fritidsbustad i LNF, gjeld dei same føringane som for LNF spreidd jf. punkt 9.1 – 7 i føresegnene.</p> <p>110 kvm er ein maks storleik på samla utbygging, som også kan inkludere 2 mindre bygg/uthus.</p> <p>Det er ikkje ynskjeleg å opne for ytterlegare omfang av utbygging i LNF-område. Det skal vere strengare føringar i uregulerte område nettopp fordi det ikkje er gjort konkrete vurderingar knytt til byggehøgde m.m. slik det vert gjort i samband med planarbeid.</p>	Føresegner 9.1-7 er spesifisert, men det er ikkje opna for auka byggehøgde eller større omfang av utbygging i LNF-område.
31	Ingebrigt Nesheim	Punkt 2.3.6 føresegner og 2.3.7 retningslinjer for fritidsbustader	<p>Viser til føringar for utforming av fritidsbustader.</p> <p>Reagerer på krav om at møne/gesimshøgde kan vera maks 5 meter. Meiner dette er problematisk med tanke på estetikk og byggeskikk. I Vestlandsterrang vil dette ofte resultere i ein flat takvinkel på ned mot 18 grader. For ei tilfredsstillande estetisk utforming og betre utnytting av ein hems, meiner han maks</p>	<p>Det vert vist til kommentar til innspel over. 110 kvm er ei maks grense for samla utbygging. Det vil vere fullt mogleg å byggje i tråd med tradisjonell byggeskikk innanfor rammene som kommuneplanen opnar for. Maks byggehøgde for bygging av fritidsbustader utan reguleringsplan vert ikkje auka frå 5 til 6,5 meter.</p>	

			mønehøgde bør aukast til 6 meter. Har vedlagt to snitt som illustrerer innspelet.	Elles er det i dei fleste reguleringsplanane gjort tilpassingar til dei lokale tilhøva, når det gjeld byggehøgde m.m.	
32	Granvin Bygg og Eigedom AS	B48 og B49 Hausneslia 1 og 2 B50 Vindal F13 til F21 N14 til N19	<p>Bustadareal B48-B50.</p> <p>Meiner det er viktig å ha langsiktige planer for bustadtomter i Granvin. Områda har kort veg til kommunesenteret, og til skule og bhg i Granvin. Peiker på at Granvin herad har arbeidd med området tidlegare. Gode soltilhøve, og saman med gardane rundt kan området verta ei eiga grend med lokale fasilitetar.</p> <p>Fritidsbustader F13 til F21.</p> <ul style="list-style-type: none"> F 13 til F15 er tilrådde felt. Tomter kan plasserast utan konflikhtar, og vegløyising er planlagt som skogsbilveggar. F14 er ei utviding av SF5 i gjeldande kommuneplan for Granvin. Vil endre namn på F15 frå Litlastøl til Strindeskleiv. F16 til F18 er ikkje tilrådd. F16 utgjer i dag SF8 i gjeldande kommuneplan. Det er avsett 4 tomter, og det er no søkt om 5 nye. Området ligg på eit bergalag godt vekk frå stølsområde. Dei viser også til geoteknisk rapport som godkjenner området til utbygging. Når det gjeld F17 som er avvist pga. at det ligg over tregrensa, meiner dei dette er feilinformasjon. Viser m.a. til vedlagt bilete. Når det gjeld F18 vert det vist til ein fantastisk utsikt og at dette er tenkt som eit eksklusivt felt for nokre få spesielle hytter. For hyttefelt F19 på Hamre, meiner dei det må vere mogleg å tilretteleggja for naust (dvs. ta med areal ned mot sjøen). <p>Næringsareal N14 til N19</p> <ul style="list-style-type: none"> N14 om ZIP-line frå Trohaug til Øvre Vassenden vert trekt. Utanom N16 og N19 er områda tilrådd. N16 skal ikkje nyttast til lager for eksplosivar, 	<p>Det er avsett bustadareal i nærleiken av Granvin sentrum for etablering av 20 nye bueiningar (Skielva nedre). I tillegg er det ferdig regulert areal på stasjonsområdet som opnar for 15 – 20 nye husvære. Nye større bustadområde skal i følgje nasjonale føringar ligge tett på eit sentrumsområde, og med gode samband for mjuke trafikantar. Dette vil vera utfordrande å få til ved ei utbygging i Hausneslia. Områda er ikkje vidareført i kommuneplanen.</p> <p>Ved neste rullering må ein sjå nærare på mogleg bustadutvikling i Granvin.</p> <p>På grunn av naturverdiar og landskapsomsyn er det berre område F15 Strindeskleiv, som vert vidareført i kommuneplanen i denne omgangen.</p> <p>Fylkesmannen signaliserte konflikhtar med nasjonale interesser for alle fritidsbustad- og næringsområda, med unntak av område F15.</p> <p>Konsekvensar med tanke på natur- og landskapskvalitetar må utgreiast nærare før det vert vurdert ytterlegare opning for hyttebygging.</p> <p>Når det gjeld næringsareal, vil også dette måtte studerast nærare før det eventuelt vert opna for nye tiltak. Større areal for tradisjonell næringsverksemd vil ikkje vere aktuelt. Men mindre lagerbygg for oppbevaring av utstyr og maskinar knytt til hytteområde og skianlegg kan</p>	Følgjande område vert ikkje vidareført i planforslaget: B48-B50 F13, F14, F16-F19 N4, N14 - N19

			<p>dette er avvikla. Det er kun snakk om lagerbygg.</p> <ul style="list-style-type: none"> For N17 og N18 er det kun Kitemill sin teknologi som er aktuell. <p>Når det gjeld N19, meiner dei arealet som sentrumsnært næringsareal er viktig for utvikling av Granvin. I eit miljøperspektiv er det ikkje heldig med «unødvendig» transport til Istad. Viser til at næringsområde på Røynstrand kan flyttast hit.</p>	<p>vurderast som del av reguleringsplanarbeidet for hytteområde N15.</p> <p>Ingen av næringsareala N4, N14, N15, N16, N17 vert vidareført i denne omgang.</p> <p>N19 ligg uheldig lokalisert med tanke på nærleik til riksveg og landskapsverdiar. Området vert ikkje vidareført.</p>	
33	OL Tvilde as på vegne av Løne Maskin& Transport og Svein Ekrem	62/3	<p>Viser til innsendt innspel om næring/industri, som også vart sendt inn ved sist rullering. Begge gangane har dei fått tilbakemelding om at innspelet er avvist utan grunngjeving, og i høyringsdokumenta finn dei ikkje at innspelet er vurdert i det heile.</p> <p>Forslagsstillarane hadde forventa at innspelet vart vurdert, og at det vart konkludert om kvifor ikkje innspelet er tilrådd.</p> <p>Forslagsstillar si grunngjeving for innspelet er</p> <ul style="list-style-type: none"> området er ikkje nytta til landbruk pga. skrint og myrete jordsmonn pga. ny E16 må delar av arealet avsetjast til vegføremål. Dette er det tatt høgde for. kjenner ikkje til registeret barnetråkk/leik i området ligg ikkje i faresone flaum ligg i gul støysone, men dette er ikkje i konflikt med føremålet kjenner ikkje til registrerte kulturminne/ SEFRAK/ kulturlandskap/ kulturmiljø Kollektivtransport/busstopp innanfor området Det er plassmangel for etablerte verksemdar på andre sidan av E16, og desse verksemdene vil kunna samla seg på ein stad. <p>Ber om at området vert tatt inn ved rullering av ny kommuneplan.</p>	<p>Området er ikkje tatt med til vurdering i samband med denne rulleringa, sidan det er avvist tidlegare. Grunngjeving er kort omtalt under.</p> <p>Når det gjeld spørsmål om endra arealbruk frå LNF til næring, vert det vist til fleire moment. For det første utgjer mesteparten av området dyrka og dyrkbar jord. Det er derfor i strid med nasjonale føringar å endra arealbruken her.</p> <p>For det andre har kommunen i lengre tid arbeid med å tilretteleggja for eit større næringsområde på Istad. Det er ynskjeleg at verksemdar av slik karakter som det er snakk om her, vert lokalisert samla på eigna og tilrettelagte område.</p> <p>For det tredje, som det også vert vist til i innspelet, går ny trase for E16 gjennom området. Sjølv om dette kan liggja fram i tid, vil ny arealbruk i aktuell vegtrase, auke kostnader med å etablere ein framtidig veg på arealet.</p> <p>På bakgrunn av tilhøva over, er ikkje innspelet om å nytte del av gnr. 62, bnr. 3 til næringsføremål, imøtekomen.</p>	

34	Ingfrid Hamre Liatun og Liv Norunn Hamre	F19 630/6	<p>Viser til hyttefelt m/14 tomter på deira naboeigedom på Hamre.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ynskjer ikkje at traktorveg som i dag går gjennom tunet og opp i området med planlagt hyttefelt vert ombygd som tilkomstveg for hyttefeltet. Vegen ligg tett på husa, og dei ynskjer ikkje denne trafikken forbi. • Gjer også merksam på at området ligg innanfor aktsemdssone steinsprang. Det er heller ikkje kapasitet til fleire brukarar på dagens vasskjelde. 	<p>Fylkesmannen signaliserte konflikter med nasjonale interesser for utbygging i dette området. På grunn av landskapsomsyn og utfordrande terrengtilhøve er ikkje F19 vidareført i kommuneplanen.</p>	<p>F19 er ikkje vidareført i planforslaget.</p>
35	Reidar Berge	Støy og lufureining	<p>Viser til generelle formuleringar om folkehelse i kommuneplanen sin samfunnsdel. Vil spesielt ta føre seg tre faktorar innan dette området som han meiner er lite drøfta, og der det er manglar og feil. Dette er støy, fri- og rekreasjonsområde og luftureining.</p> <p>Støy</p> <ul style="list-style-type: none"> • Viser til WHO sin rapport om støy og helsepåverknad(2018). Rapporten tilrår lågare støygrense enn norske retningslinjer. Viser vidare til at støy ikkje er omtalt i samfunnsdelen, og viser til mål i sist plan om å stanse/reducere støy, og spør om heradet har gått vekk frå dette målet? • Viser til arealdelen sin omtale av støy, og spesielt støy knytt til flystripa, Bømoen og Palmafossen. Meiner det manglar ei samla støykart basert på alle støykilder. • Når det gjeld flytrafikk vert det vist til konsesjonen. Saknar føringar knytt til støy, flyging på kveldstid/dagtid, tal rørsler per veke m.m. Minner om at gjeldande konsesjon vart gitt i strid med gjeldande kommuneplan om reduksjon av støy. 	<p>Innspelet er kommentert i samband med handsaming av samfunnsdelen.</p> <p>I kommuneplankartet er det lagt inn støysoner frå både tog, biltrafikk frå fylkesveg og riksveg, og frå flytrafikken. Samla støypåverknad vart også vurdert i samband med arbeidet med områdeplanen på Bømoen.</p> <p>I samband med områdeplanen vart det gjort eit omfattande arbeid med støyanalyser for ulike aktivitetsregimer for flyplassen. Målet var å finne rammer for flyplassaktiviteten som var levelege for både luftsportsmiljøet og nabolaget.</p> <p>I etterkant har heradet fått utarbeidd ein ny støyanalysen, basert på konsesjonen. Når det gjeld grunnlagsdata for støyberekningane i 2018, og forskjellen frå dei som vart utarbeidd i samband med områdeplanen, er ein del av forklaringa nyare og meir støysvake flytypar. (Prosjektnotat, Støysoner for Voss flyplass Bømoen, 24.01.19). Som innspelet kommenterer,</p>	<p>Det er tatt med eit nytt punkt i føresegnene, 4.14 som gir føringar knytt til støy og forureining for nye tiltak.</p>

			<ul style="list-style-type: none"> • Viser til at tiltak mot støy også kan bli gjenstand for vurderingar utanfor gul støysone, i friområde m.m. • Viser til at grunnlaget for støysonene rundt flyplassen ikkje er informert om i planen. Data frå 2018 er nytta, og treng ikkje vere i samsvar med verkelegheita. Viser og til at støysonene ikkje er i samsvar med dei som vart utarbeidd i 2016. Med endring av parametre i Sintef sine berekningar vil støysonene endre seg. Kva vil kommunen gjere med dette? • Uansett er det ikkje sagt kva konsekvens støysonen vil ha for dei som bur innanfor. Meiner kommunen bør vurdere ulemper frå flystøy også utanfor støysoner. Viser til uttale om støy frå innbyggjarar i Palmafossen/ Bømoen-område frå november 2017. <p>Friluft- og rekreasjonsområde. Stille område.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Viser til avsette soner for friluftsliv. Kva kartlegginga går ut på kjem ikkje fram av planen, men støy er neppe vurdert. Viser til at kartlegging av rekreasjonsområder og stille områder er et ansvar som ligg til kommunen som planmynde, jf. T-1442. • Planen manglar vurderingar knytt til støypåverknad i natur- og friluftsområde. • Bømoløypa er avsett som friluftsliv, og her er det krav til støypåverknad. Ser ikkje at dette er omtalt. • Viser også til at kommunen har førebyggjande ansvar for helse i vidaste forstand, og at støy kan gje uhelse, og kommunen har soleis ansvar for å hindre skadeleg verknad. <p>Luftforureining Viser til at dette berre er omtalt i samfunnsdelen og gjeld miljø. Reknar med at dei negative</p>	<p>vil støysoner vere eit resultat av grunnlagstal for ein analyse. Vidare vil også oppfølging og drift av flyplassen vere ein viktig faktor.</p> <p>Det er eit fåtal bustader som ligg innanfor støysona for Bømoen i dag. Generelt ligg langt fleire bustader innanfor støysoner knytt til veg og bane.</p> <p>I samband med nye tiltak, som generere støy vil det bli satt krav om støyskjerming. Det er ikkje tilsvarande krav til støyskjerming knytt til eksisterande aktivitet.</p> <p>Når det gjeld støy, og natur- og friluftsområde er det tatt med eit nytt punkt i føresegnene om at stille område i størst mogleg grad skal ivaretaast. Og i samband med utgreiing av støy skal konsekvensar for stille område og påverknad på viktige rekreasjonsområde vurderast, jf. punkt 4.14-4. Når det gjeld Bømoløypa og støypåverknad vart det i samband med områdeplanen utgreidd støypåverknad for friluftsområda. Støykart viste at store delar av Bømoen er eksponert for støy over grense for friluftsområde jf. tilrådde støygrenser i nasjonale retningsliner T-1442. Dette omfatta også i stor grad støy frå biltrafikk og noko grad støy frå jernbane. I mange nærturområde er ikkje støysituasjonen optimal. Men Bømoen og andre nærturområde utgjør likevel viktige turområde som er lett tilgjengelege og svært viktige i eit folkehelseperspektiv.</p> <p>I punkt 4.14 i føresegnene er det lagt inn føringar knytt til både støy og forureining. Dette er viktige føringar som vil bli vurdert i samband med både plan- og byggesaker.</p>	
--	--	--	---	--	--

			konsekvensane for miljøet» òg er meint for helse, og dette bør omtalast grundigare.		
36	Christopher Ebbang på vegne av Hilde E. Ebbang	Næringsareal på Een (Gnr./bnr: 62/3)	Merknad i frå nabo (gnr/bnr: 62/12). Støtter heradet i å ikkje tilrå næringsareal på eigedommen 62/3 (forslagsstillar Svein Ekrem og Lars Løne). Legg ved brev frå SVV om at det ikkje føreligg søknad om godkjent avkøyrse, slik framlegget visar til.	Aktuelt området er ikkje tatt inn i kommuneplanen, jf. kommentarar til innspel nr. 33.	
37	Marianne Haugar og Olve Kjerland	F13 F14 F15	Meiner at hyttebygging med tilhøyrande bilvegar og vindkraftanlegg vil forringa eit særskilt viktig friluftsområde. Viser til signaturkampanje mot etablering av hyttefelt på internett, der det kom til saman 282 signaturar som ga sin støtte til oppropet, jf. vedlagte liste. Viser til informasjon i naturbasen om konflikt med særskilte friluftsområde, dei viser til rapporten «Viltet i Granvin» og at område F13 kjem i konflikt med viktig område for viltet. Meiner planlagt hyttefelt, vegar og næringsareal kjem i konflikt med beitedyr, og viser til drift med sau som dei har på garden. Viser også til at nye hytter vil medføre auka trafikk gjennom tunet deira. Som avslutning viser dei samfunnsdelen om miljømessig berekraft, og meiner ei utbygging av Granvinsfjella vil øydeleggja for dei som kjem etter oss I tillegg til underskriftskampanje er informasjon om kartlagde friluft- og viltområde vedlagt.	Av områda som innspelet gjeld vert berre F15 Strindeskleiv vidareført. Her er det plankrav og i samband med detaljplanlegging må omsyn til naturverdiar og friluftssinteresser utgreiast nærare. Innspel elles vert tatt til orientering.	F13 og F14 er ikkje vidareført i planforslaget.
38	Kristian Backer	N1 Flisram 267/3	Området er ikkje tatt med i planen pga. kjerneområde landbruk. Backer har i lengre tid prøvd å finne ein plass å lagre utsyr til verksemda si.	N1 er tatt inn i kommuneplanen i eit mindre omfang i tråd med innspel frå forslagsstillar. Mellom anna går alt areal aust for Rv13 ut. Det vert krav om å sikre ei buffersone mot landbruksareal og mot tilgrensande bustader, og fare for flaum- og skredfare må avklarast.	N1 er vidareført i kommuneplanen i eit mindre omfang.

			<ul style="list-style-type: none"> • Viser til at dei berre har tatt med område som ikkje var dyrka, men at dette ikkje kjem fram. • I samråd med grunneigar ber dei om at det vert sett vekk frå området aust for Rv13, og areal lengst vest. Ber om at eit område ca. 50 meter vest for Rv13 vert vurdert, og viser til vedlagt kart. • Området ligg litt unna Rv 13 og litt lågare og vil ikkje ruve så mykje i terrenget. Har allereie eit rammeløyve for oppstillingsplass på staden. <p>Viser til at det er tungvindt for verksemder på Vossestrand å nytte Istad som næringsareal. Ber om at det vert gjort ei ny vurdering.</p>		
39	Agnes O. Reisetser og Vidar Kjerland	F13 N17 N18	<p>Meiner planane som no vert fremja for utbygging av hyttefelt og vindkraft rundt Måvatnet og Storlia vil vera svært øydeleggjande for området. Viser til biologisk mangfald, villrein, friluftssinteresser, verna vassdrag m.m.</p> <p>Voss kommune har stilt seg negative til vindkraftutbygging i Vossafjella, og dette må gjelde for alle fjellområda i det nye heradet – uavhengig av type vindkraft.</p> <p>Dersom det er felles ynskje om hyttebygging frå grunneigarane på Tveito, meiner dei dette bør skje ved fortetting av eksisterande hytteområde ved Leiken-Småg-Heiane, jf. vedlagte kart.</p>	Områda som er omtalt i innspelet er ikkje vidareført i kommuneplanen. Innspel er tatt til orientering.	F13, N17 og N18 er tatt ut av kommuneplanforslaget.
40	Eigarar Breiset Gnr/bnr 90/2 og 90/9 Nils Asbjørn Lie Ingebjørg Mæland Bjørn Mæland	F8 Breiset	<p>Eigar av 90/25 og bygsjar av 90/26.</p> <p>Viser til innspel om hytter på Breiset. Dei er usamde i dette, og fryktar for at området skal endre seg frå eit tradisjonelt stølsområde til hytteområde. Dei eksisterande hyttene har utspring frå garden Gjerdåker, og den eine hytta (90/26) har beiterett og har hatt drift med sau.</p>	På grunn av omsyn til kultur- og stølslandskap og landbruksinteresser er ikkje F8 Breiset vidareført i planforslaget.	F8 er ikkje vidareført.

			Meiner nye hytter vil påverke kulturlandskapet negativt. Plassering av nye hytter vil også øydelegge etablerte vasskjelder.		
41	Nordstrand Eiendomsrådgivning AS på vegne av Jørgen Sture	196/8 og omsynssone 570	<p>Viser til OM 570 som skal ivareta kunstnarbustader på Voss, og som legg restriksjonar på eigedomar for å ivareta kulturhistorisk verneverdi.</p> <ul style="list-style-type: none"> «Buhuset» er inkludert i omsynssone og eigar Jørgen Sture motset seg dette, eigedomane har ikkje same kulturhistoriske verneverdi. Meiner dei verneverdige eigedomane er store nok til å ivareta buffersone innanfor eigen eigedom. Stiller også spørsmål til kvifor ikkje andre eigedomar rundt er inkludert Viser til mange tiltak på eigedomen i nyare tid, og at eigedomen totalt har skifta karakter. <p>Omsynssona utgjer eit betydeleg inngrep i grunneigar sin råderett, og er i realiteten eit byggeforbod. Sona må tene eit reelt føremål dersom den skal tas med. Dei viser til manglande grunngeving, og ber om at gnr. 196, bnr. 8 vert trekt ut av omsynssona.</p>	<p>Omsynssona OM570 er lagt over området for å sikre dei kulturhistoriske verdiane knytt til kunstnarheimane. Dei kringliggjande eigedomane vil påverke kunstnarheimane, og omsynssona går derfor ut over sjølve eigedomane til kunstnarheimane.</p> <p>Det er knytt retningsliner til omsynssona som skal sikra at ny utbygging ikkje forringar verdiane for kunstnarheimane. Ny utbygging skal ta omsyn til kulturhistoriske kvalitetar, men omsynssona utgjer ikkje eit byggeforbod.</p>	
42	Odd Kløve på vegne av Anna Kløve	149/4	Viser til plan for hyttefelt på austsida av munningen i Rjoandalen som ligg inne i gjeldande kommuneplan. Ynskjer ei stadfesting av at dette vert med også i den nye planen.	Det er ikkje tatt ut område som tidlegare er lagt inn i kommuneplanen som utbyggingsføremål.	
43	Kjartan Bidne	B43 Bidne, Framneslie	<p>Merknad i frå forslagsstillar. Påpeiker at tomtane ikkje skal ha privat vatn og kloakk, slik det kjem fram i tabell under «Samfunn».</p> <p>Ynskjer at dette vert retta til at tomtane skal koplatt til kommunale vatn- og kloakknettet som er like ved i byggefeltet Framneslie.</p>	<p>Det er opna for ei ny tomt på areal i forlenginga av eksisterande bustadfelt.</p> <p>Innspel elles er tatt til orientering, og tekst i omtale er retta.</p>	B43 er flytta ned til eksisterande bustadfelt, og det er opna for eitt nytt husvære.

44	Randi Tveito Harr og Herlaug Tveito	F13 F14 N17 N18	<ul style="list-style-type: none"> • Viser til at området er rekna som viktig friluftsområde. • Statnett og BKK sine liner går i området, og skjønner ikkje behov for vindkraftanlegg. • Hyttebygging, vegar og vindkraftanlegg vil føre til konsekvensar for stølsmiljø, sår i terrenget, støy pga. motorferdsle, mindre friområde, dårlegare vilkår for dyr og fuglar. • Den gamle postvegen vert kryssa av bilveg. • Som alternativ bør eksisterande hyttefelt vurderast utvida, i staden for fleire felt spreidd rundt i fjellet. Straum frå solcelleanlegg kan erstatte vindkraftanlegg. <p>Er oppvaksne på Tveito og meiner det er tragisk at nokon kan få øydeleggja naturen for mange.</p>	Områda som er omtalt i innspelet er ikkje vidareført i kommuneplanen. Innspel er tatt til orientering.	F13, F14, N17 og N18 er tatt ut av kommuneplanforslaget.
45	Jarle Norekvål	B7 og B8 Ænsmoen 60/2,4	<p>Merknad i frå forslagsstillar. Ber om å bli innkalla til møte ved vidare handsaming.</p> <p>B7:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Visar til at B7 ikkje vert tilrådd pga. dyrka mark. Informerer om at småbruket gnr/bnr: 60/2,4 ikkje har bu og driveplikt samt at jorda er i dårleg stand og at det til tider er vanskeleg å pakte bort jorda. • Visar til at det ikkje er lett å finne ledige tomter i Skulestadmo. <p>B8:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er sterkt ueinig i ROS der det krevjast buffarone mellom bustad og landbruk, og meiner ei slik sone alt eksisterer og er tenkt vidareført. • Meiner at heradet har vore inkonsekvente i si vurdering av nye bustader opp mot «omsynssone landbruk» . <p>Meiner og at verdiar i KU-tabell er misvisande. Visar til at det er avgrensa plass til bustadbygging i lokalsenteret og at ein bør ta i betraktning at bustadfeltet i Ænsmoen har sykkelveg og 1,8 km avstand til skule og butikk.</p>	<p>Den austre tomte i innspel B8 er vidareført i kommuneplanen. Det skal takast omsyn til tilgrensande vassdrag.</p> <p>B7 og tomte lengst vest i B8 er ikkje vidareført på grunn av dyrka mark og landbruksinteresser.</p>	Tomte lengst aust i B8 er tatt inn i kommuneplanforslaget.

46	Per Tveito	F13 F17 N17 N18	<p>Er eigar av 119/1 på Tveito.</p> <p>Viser til at det er Tveito og Hausgardane Utmarkslag som disponerer arealet som Granvin Bygg og Eigedom AS planlegger til fritidsbustader og vindkraft, og viser til vedlagt brev.</p> <p>Viser til at det er disposisjonsplanen til Tveito og Hausgardane Utmarkslag frå 1976, som er retningsgjevande for kor mange fritidstomter kvar grunneigar kan frådela i Tveito og Hausgardane utmarksområde. Det vert vist til utklipp frå Granvin herad sin KPA 2015- 2025.</p> <p>Tveito har utmarksareal SF1-område for frådelling av fritidsbustader, viser til vedlegg. Dette området er best eigna for fritidsbustader, det er god plass til fleire tomter, og området kan utvidast. Det er ikkje behov for ny vegbygging.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Merknad til F13 Måvotno- meiner det ikkje må tilrådest bygging av fritidsbustader verken i Storlie eller mellom Måvotno pga. urørt natur og landskap. • Merknad til F17 Vetlelia. Meiner deler av arealet kan inngå i SF1 – området, mot at dei 2 andre bruka på Tveito får uvida areal tilsvarande i sine utmarksteigar, som grensar til SF1 - området. • Merknad til N17 Jarnhaugen. Viser til politisk vedtak om nei til vindkraft i Granvin herad, stor motstand mot etablering av 420 KV lina i området (Sima-Samnanger), og viser til at det går BKK 132 KV linje gjennom området. • Merknad til N18 Snaueggi. Området er nær Fuglavatnet, som er mykje brukt turområde. Vindkraft og veg opp til Snaueggi er eit stort og synleg naturinngrep og skadeleg for fugl. Vil motsetje seg vindmøllepark på Snaueggi. Meiner dette er unødvendig pga. BKK si kraftlinje i området. 	Områda som er omtalt i innspelet er ikkje vidareført i kommuneplanen. Innspel er tatt til orientering.	F13, F17, N17 og N18 er ute av kommuneplanforslaget.
----	------------	--------------------------	--	--	--

47	Aud Tveito Ekse	Massedeponi Evanger	<p>Mor hennar er eigar av eit av husa som vil bli sterkt berørt. Planane for massedeponi vil truleg forringe verdien av eigedomen og vanskeleggjere sal.</p> <p>Føreset at dei vert orientert om vidare utvikling i saka og at dei får kompensasjon for ulemper og forringing av verdi som følgje planane.</p>	<p>Mogleg massedeponi på Evanger er vist som temakart som ligg vedlagt planen. Temakart har ingen juridisk verknad og er å sjå på som orientering. Det gjenstår mykje avklaringar før område eventuelt kan leggast inn i plankartet som juridisk bindande føremål. Det er derfor langt fram til det vert aktuelt med eit større massedeponi på Evanger.</p> <p>Innspelet vert tatt til orientering med tanke på vidare arbeid.</p>	
48	Aud Tveito Ekse	F13 Måvotno – Storlia	<p>Familien har hatt hytte ved Måvotno sidan 60-talet. Skriv på vegne av mor si som er oppvaksen på Tveito.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Stiller seg uforståande til utbyggingsforslaget. Meiner dette vil medføre omfattande inngrep i uberørt natur og fullstendig endring av området karakter, og er på ingen måte i samsvar med det som elles står i arealplanen. • Viser til 2.3.6 og 2.3.7. Vindkraftanlegg for å forsyne hytter med straum er ikkje vanleg og vil medføre ytterlegare øydeleggingar, og viser til solcellepanel som ei miljøvenleg løysing. <p>Stiller seg tvilande til omfang av hyttebygging i eit område utan alpinanlegg eller tilsvarande tilbod. Ber om at planane ikkje vert godkjent.</p>	<p>Område F13 som er omtalt i innspelet er ikkje vidareført i kommuneplanen. Innspelet er tatt til orientering.</p>	Område F13 er ikkje vidareført.
49	Margunn og Jørn Nordgård	351/1 Øyjordi	<p>Saknar innspel om frådelling av tomt rundt eksisterande hytte gnr./bnr.: 351/1 Øyjordi.</p> <p>Dette er ikkje nemnt, og dei har heller ikkje fått melding om at dette ikkje er med vidare. Ynskjer ei grunngjeving av kvifor dette ikkje er med, utan at dei har vorte informert.</p>	<p>To innspel vedk. Øyjordi var omtalt ved offentleg ettersyn. Tomt for fritidsbustad som F11 og bustadareal som B38.</p> <p>Bustadtomta vart tilrådd politisk, men var eitt av mange område som Fylkesmannen hadde merknader til, og arealet er derfor ikkje vidareført i planen.</p> <p>Det ser ut som om eit innspel om frådelling av ei hytte ikkje har vore vurdert særskild. Det er sjølv sagt beklageleg at dette ikkje har vore varsla.</p>	

				Når det er sagt er nye fritidsbustader ikkje prioritert i samband med denne rulleringa. Innspelet om hyttetomt knytt til eksisterande fritidsbustad vert derfor ikkje vurdert vidare.	
50	Magnar Tysseland, Tyark, på vegne av Dag Lunde	F10	Vil på vegne av grunneigar appellere til politisk vedtak om å få dette området med i planen. Innspelet gjeld ei utviding (med 14 hytter) av eksisterande hyttefelt, som vil ha positive ringverknader på eksisterande felt. Det skal også utarbeidast som eit miljøprosjekt.	Innspelet om fleire hytter i området ved Sandfjellet er ikkje imøtekome. Det er store hyttereservar i Voss herad, og også i dette området ligg det store område avsett til hyttebygging. Nye hytteområde er ikkje prioritert i samband med denne rulleringa av kommuneplanen.	F10 er ikkje tatt med i planforslaget.
51	Granvin Bygg og Eigedom AS	N14	Trekker innspel om ZIP line frå Trohaug til Øvre Vassenden.	Innspelet er tatt til etterretning.	Område N14 er tatt ut av kommuneplanen.
52	Eivind Kildal	Deponiområde Evanger	Gjeld forslag til deponiområde i strandsona til Evangervatnet mellom Bekasteinen og Evanger sentrum. Meiner forslaget ikkje er dokumentert godt nok og må takast ut av kommuneplanen. <ul style="list-style-type: none"> • Vassdraget er allereie i dag i stor grad påverka av tiltak og viser til Vossolaksen sin situasjon. • Potensiale for forureining frå tunnellmassar er stort. • Det er ikkje er mangel på bustad- og næringsareal på Evanger i dag. • Viser til alternativt forslag om deponering på gnr. 400 Merkesgrovi, Mykkeltveit, som ikkje inneber fare for vassdrag, og der massar kan nyttast til jordbruksareal. Kildal er grunneigar og har fremja dette alternative forslaget.	Mogleg massedeponi på Evanger er vist som temakart som ligg vedlagt planen. Temakart har ingen juridisk verknad og er å sjå på som orientering. Det gjenstår mykje avklaringar før område for massedeponi kan leggjast inn i plankartet som juridisk bindande føremål. Innspelet vert tatt til orientering.	
53	Mathias Mølster	46/1	Viser til spørsmål frå kommunen om omregulering frå tenesteyting til bustadbygging i samband med sist rullering. Brevet vart signert og returnert innan fristen. Kommunen har ikkje gjort noko meir med dette, og meiner det er viktig å få arealet med no.	Området er ikkje aktuelt for ny bustadbygging på grunn av viktige omsyn til kulturlandskap og kulturmiljø i området. Det ligg omsynssone kulturmiljø OM 570 over aktuelt areal, for å ivareta kulturlandskapsverdiene i området.	

			Området har enkel tilkomst frå Kvernavegen og kommunalt vass- og avlaupsnett. Det vert vist til vedlagt svarskjema og kart.		
54	Adv. Marianne Jordalen på vegne av Magne Rokne	Gnr/bnr: 200/14	<p>Gjeld frådeling av bustadhus på eigedomen. Viser til mottatt brev om at innspel ikkje er tatt med i det vidare arbeidet, utan at det er grunngeve kvifor.</p> <p>Meiner det synast vilkårleg kva for innspel som ikkje er vurdert og kva for innspel som er vurdert vidare i planen. Ber derfor om at merknaden vert behandla med grunnlag i rett til likebehandling.</p> <p>Aktuell bustadtomt ligg i LNF- og kjerneområde landbruk. Ynskjer bustadføremål, subsidiært LNF-spreidd bustadbygging. Eigedomen er liten og ikkje å rekna som drivverdig.</p> <p>Ei frådeling vil leggje til rette for busetnad og levande grender. Viser til nærleik til sentrumsområde, og fleire frådelte bustadeigedomar i området. Viser til vedlagt kart.</p>	<p>Det er ikkje opna for einskildtomter utan at dette er ei utviding av eksisterande bustadområde eller ligg tilknytt senterstruktur. Sjå kommentar til uttale frå Fylkesmannen, mellom anna når det gjeld spørsmål kring etablering av einskildtomter i grendene.</p> <p>Det vert ikkje opna for bustadtomt på gnr. 200, bnr. 14 gjennom kommuneplanen.</p>	
55	Arne Johan Brekkhus	B6 Hagateigen, Opeland gnr/bnr: 162/6	<p>Har kome med forslag om 4-5 bustader på eigedom 162/5.</p> <p>Viser til munnleg avtale med utbyggjarane av Opelandsmarka om tilkomstveg over den austlege delen av B6 frå Fennavegen. Det vart omtalt moglegheit for bustader når infrastrukturen er på plass, og meiner den austlege delen av omsøkt område kan nyttast til 2-3 bustader.</p>	<p>I området Opeland - Bjørgum er det ei stor reserve av bustadareal som allereie er avsett i kommuneplanen.</p> <p>Ved neste rullering av kommuneplanen bør det gjerast ei grundig vurdering av tilgjengeleg bustadareal i området. Før dette er gjort vert det ikkje opna for ytterlegare bustadareal.</p>	B6 er ikkje vidareført i planforslaget.
56	Torgunn og Kristian Østrem	90/1	<p>Viser til omsynssone som heiter friluftsliv sti i kommuneplankartet. Kartet viser T-merka stier til Voss utferdslag, m.a. i Storåsen. I kartet ligg ein sti på deira eigedom som må slettast pga. at nedste delen av stien går over innmark, delar går over kulturarbeite og gjennom eit varig verna kulturminne – Øydegard på Mulane.</p> <p>Viser også til sti på deira eigedom som er markert med dobbel strek. Denne går gjennom varig verna kulturminne. Ber om at også denne vert sletta.</p>	<p>Innspel er tatt til etterretning, og kart er oppdatert i tråd med innspel.</p> <p>Innspel er elles tatt til orientering.</p>	Stitrase er endra på gnr. 90, bnr. 1.

			Viser til at deira avtale med Voss utferdslag går ut om 4 år.		
57	Advokatfirmaet Responsa AS på vegne av Liv Jorun Aga	P1 602/5	<p>Merknad på vegne av grunneigar. Vert sterkt berørt då eigeiendomen hennar er lagt ut til parkeringsplass for inntil 40 bilar. Er i mot endringa pga.:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vil hindre framtidig bruk av arealet til camping. Har planar om å starte opp igjen. Parkeringsplass vil gå ut over inntektsgrunnlaget for vidare campingdrift. • Meiner parkeringsplass her vil invitere til «villcamping» som allereie i dag er eit problem • Parkeringsplass vil kome i konflikt med sentral infrastruktur til camping og bustadhus som t.d. vasskjelde, septiktank og elektrisk anlegg. • Er samd i at det er behov for ei betre parkeringsløyising for kyrkja, men meiner det er alternativ, t.d. på austsida(nord aust) av kyrkja, og ved bårhuset. Stiller også spørsmål ved kor mange parkeringsplassar det er behov for. <p>Oppmodar kommunen om å sjå grundigare på alternative løyisingar, og ynskjer å bli orientert i den vidare prosessen.</p>	<p>Parkeringsareal på gnr. 602, bnr. 5 er vidareført i planforslaget. Det er krav om å utarbeide ein detaljreguleringsplan før det kan gjennomførast nye tiltak i området. I tillegg vil Voss herad vere avhengig av å inngå ein avtale med grunneigar.</p> <p>I samband med utarbeiding av ein reguleringsplan må mellom anna tilhøve kring flaum, skred, grunnforhold og trafikktryggleik avklarast.</p> <p>I tillegg bør planarbeidet gjennomførast i nær dialog med grunneigar, og ulike løyisingar bør vurderast i samband med oppstart av planarbeidet. Tilhøve til framtidig drift av campingplassen bør også avklarast som ein del av dette arbeidet.</p> <p>Ynskje om å ta parkeringsareal P1 ut av kommuneplanen er ikkje imøtekome, men innspelet må tas med i det vidare arbeidet med reguleringsplanen.</p>	
58	Bjørn Hansen	F2 240/71 240/10	<p>Merknad på vegne av grunneigar. Gjeld innspel om samanføyning av to parseller (fritidseigeiendom). Voss herad har «delvis tilrådd» innspelet, ved at tomten vert utvida ned mot vegen, men utan at det vert lagt inn areal til parkering nedanfor vegen.</p> <p>Innsender vil gjere merksam på at innspelet om parkering gjeld ei anna sak (sjå neste merknad), og ikkje har relevans for samanføyning av parsellane då desse alt har parkeringsareal i tråd med byggeløyve.</p>	<p>Innspel om føremål fritidsbustad på dei aktuelle parsellane er imøtekome. Innspel som gjeld parkeringsareal på nedsida av vegen i same område er ikkje imøtekome.</p> <p>Etablering av parkeringsareal mellom fylkesvegen og Hamlagrøvatnet er i strid med viktige nasjonale føringar om strandsonevern. Dette gjeld for begge areala, sjølv om ikkje området ved Bjørndalen er kommentert særskild.</p>	

			Peikar på at samanføyinga med parsell nedfor vegen er i tråd med tinglyst kjøpekontrakt, og ber om at heradet tilrår ei samanføyning av heile arealet.		
59	Geir Hansen	F2 240/1-10 240/10	<p>Merknad på vegne av grunneigar. Viser til at innspel gjeld to separate ynskjer om etablering av parkeringsareal på Hamlagrø (ved Bjørndalen og ved Flodvikane).</p> <p>Meiner innspel om p-areal ved Bjørndalen er oversett, og at det ved vurdering av p-areal ved Flodvikane er gjort ei forveksling med ei sak om fritidseigedomar på oppsida av vegen. Ber derfor om at begge innspela vert vurdert på nytt.</p> <p>Påpeiker at innspelet gjeld ynskje om å legge til rette for trygg og lovleg parkering for dei 19 fritidsbustadene som per i dag parkerer langs vegen. Framheld at innspela er i tråd med vegvesenet sine ynskjer og at det vert engasjert landskapsarkitekt i utforming.</p>	<p>I materialet som låg føre ved offentlig ettersyn var det ikkje gjort eigen vurdering av innspel om parkeringsareal ved Bjørndalen. Når det gjeld Flodvika er dette vurdert/kommentert og sagt at ikkje skal med i kommuneplanen, jf. også kommentar til innspel over.</p> <p>Sjølv om innspelet om parkering ikkje er kommentert særskild, vil dei same vurderingane som kommentar til merknad over, gjelde for dette området. Arealbruken er i strid med viktige nasjonale føringar om strandsonevern, og det vert derfor ikkje lagt inn i kommuneplanen.</p> <p>Skal utfordringa med for lite parkeringsareal arbeidast vidare med, må ein prøve å finne anna lokalisering enn arealet mellom vegen og vatnet. Dette kan eventuelt fremjast gjennom ei reguleringsendring.</p>	
60	3RW på vegne av Bømoen AS	Bømoen I2	<p>Det vert vist til innspel til kommuneplanen, 5.4.18, frå 3RW på vegne av Bømoen AS. Dei finn ingen vurderingar av deira innspel.</p> <p>Innspelet omhandlar næringsføremål, bustad, fritids- og turistføremål, offentlig og privat tenesteyting m.m. Sidan innspelet ikkje er vurdert, forstår dei det slik at kommuneplanen ikkje ynskjer å ta stilling til ny arealbruk på Bømoen, og at det dermed vert opp til områdereguleringsplanen å definere dette i tråd med 1.9.1 som omtaler bandlegging i påvente av avklaringar i ny kommuneplan. Dei understrekar at områdereguleringsplanen avventar kommuneplanprosessen i tråd med motsegn frå Fylkesmannen, men at planarbeidet framleis er i gang.</p> <p>Andre innspel:</p>	<p>I arbeidet med revisjon av kommuneplanen etter første gangs offentlig ettersyn, er vidare utvikling av Bømoen drøfta mellom anna på bakgrunn av innspel frå 3RW.</p> <p>Gjennom arbeidet med områdeplanen vart det gjort grundige drøftingar og avvegingar på bakgrunn av omfattande informasjon og KU-vurderingar som låg til grunn for planarbeidet.</p> <p>Etter ein ny gjennomgang av spørsmålet kring vidare utvikling av Bømoen, meiner rådmannen det er rett å leggja inn arealføremål som langt på veg vart avklart i områdeplanen. Dette gjeld fritids- og turistføremål i området rundt leirområdet, og næringsføremål knytt til den gamle flystripa. Saman med område avsett til råstoffutvinning, område avsett til</p>	<p>To nye areal er lagt inn i forslag til kommuneplan: Fritids- og turistføremål FT1, og næringsføremål N21. Det er krav om detaljreguleringsplan før det kan opnast for nye tiltak.</p> <p>På dei nye utbyggingsområda er det lagt inn ny omsynssone naturressursar OM590, og tilhøva til grusressursen må avklarast i samband med regulering, i tillegg til andre viktige interesser knytt til drikkevatt, friluftsliv og kulturminne.</p>

			<ul style="list-style-type: none"> • Dei viser til manglande teiknforklaring m.m. i plankartet, som gjer det vanskeleg å kommentere planen i detalj med tanke på deira interesser. Ber om at fullverdig versjon av plankartet vert gjort tilgjengeleg for offentlig ettersyn iht. plan- og bygningsloven. • Vedk. avgrensing av lokalsenter Palmafossen vil det vere naturleg å strekke grensa lenger inn over Bømoen. Viser til at det kun er Bømoen som har vesentleg byggeland, og dermed er sentral i ei langsiktig utvikling av Palmafossen lokalsenter. • Når det gjeld folkevekst vert det ikkje tatt høgde for K5. På bakgrunn av dette meiner dei folkevekst som er lagt til grunn er for låg inn mot slutten av planperioden. • Meiner Renefeltet som vert vist til for nye bustader, ligg utanfor lokalsenter og gir ein dårlegare og mindre berekraftig bustadområde enn Bømoen. Her bryt kommunen med eigne prinsipp, og argumentet om at Renefeltet er regulert er ikkje tilstrekkeleg for å prioritere dette området framføre eit område med betre kvalitetar innanfor lokalsenteravgrensinga. • Viser til bustadanalysen sitt fokus på etterspørsel etter leilegheiter, noko som kan realiserast på Bømoen. Renefeltet inneheld i hovudsak ein- og tomannsbustader. På bakgrunn av dette vert det bedt om å opne for bustadbygging i Bømoen der det ligg til rette for gode heilskaplege løysingar. • Viser til at det er avsett idrettsfremål ved flyplassen. Bømoen AS har for same område hatt innspel om kombinasjon av næring og idrett. Dei kan ikkje sjå at dette har vore vurdert., og finn det underleg at kommunen har behandla nokre innspel mens andre ikkje vert kommentert. Det aktuelle arealet ligg tilknytt infrastruktur, inneklemt og som på 	<p>idrettsfremål, flyplassen og omsynssone for Bømoløypa, avklarar no kommuneplanen vidare utviklingsmoglegheiter for Bømoen. Bandleggingssona som ligg på området er tatt ut. Denne har uansett ikkje juridisk verknad utover 4 år, så lenge det ikkje er søkt om forlenging.</p> <p>Det er tidlegare sagt at det ikkje vert opna for nye bustadareal på Bømoen, og dette ligg fast så lenge det er tilstrekkeleg bustadareal tilgjengeleg i området rundt Palmafossen.</p> <p>I tillegg til eigen omsynssone for Bømoløypa, ligg det eigne omsynssoner for å ivareta kulturminneinteresser, friluftssinteresser og drikkevasskjelde i Bømoen. Ny utvikling må forhalde seg til desse viktige interessene i den vidare planlegginga. Det er krav om å utarbeide detaljreguleringsplanar før det kan opnast for nye tiltak.</p> <p>Innspel elles vert tatt til orientering. Palmafossen lokalsenter vert ikkje utvida, men redusert noko i omfang. Hovudtyngda av senterområdet ligg sør for Rv13.</p> <p>Når det gjeld spørsmål om kombinert føremål næring og idrett nord for flyplassen, var dette også tema i områdeplanen. Konklusjonen var då at dette arealet er viktig for luftsportsinteressene, og eventuell næringsverksemd på dette arealet kan kome i konflikt med bruk av området til luftsport.</p>	<p>Bandleggingssone på heile Bømoen med krav om regulering er tatt ut.</p> <p>Omtale av Bømoløypa med tanke på breidde og buffersone er justert.</p>
--	--	--	---	--	--

			<p>grunn av støyeksponering egner seg godt til næringsformål. I tråd med tidlegare innspel og målsettingar nedfelt i festeavtalen for flyplassen, ynskjer dei at det vert opna for næring på dette arealet.</p> <p>Når det gjeld omsynssone Bømoløypa (2.12.7), meiner dei det ikkje er samsvar mellom omsynssone på plankartet og føresegnene. Meiner forslaget i områdeplanen om trasebreidde på inntil 10 meter og 10 meter buffersone på begge sider er ei meir tenleg løysing.</p>	<p>Arealet vert derfor vidareført som idrettsføremål då ein ynskjer å prioritere desse interessene i dette området.</p> <p>Når det gjeld Bømoløypa er omtalen av omsynssona justert, slik at den er meir i tråd med intensjonen om ei 10 meter brei løype og 10 meter buffersona på kvar side.</p>	
61	Kolbein Ure «Bua Oppheim AS»	Gnr. 317, bnr. 37	<p>Bua Oppheim har i dag butikk/lager i første etasje og husvære på loftet. La ned drifta 31.12.18, bygget har sidan vore ubrukt.</p> <p>Ynskjer litt endringar for å få eit fullgodt husvære på eigedomen, dvs. nytt inngangsparti, innlemme lagerdelen i bustaden, og flytte naustet noko lenger vest. Butikklokala skal framleis nyttast til forretning, kafé, kiosk og liknande.</p>	<p>Det er gjort ei vurdering av innspelet, og det er konkludert med at tiltak som er ynskjeleg å få gjort på eigedomen er i samsvar med dagens bruk. Det er derfor ikkje behov for å vurdere endringar av kommuneplanen.</p>	

Innkome innspel etter utgått frist

62	Hallgrim Lillegraven/ Hausgardane maskinlag	N4 gnr./bnr. 604/4, 605/2	<p>Viser til informasjon om at næringsareal N4 ikkje er tilrådd i kommuneplanen, og grunngevinga om at det er tilgjengeleg næringsareal på Istad. Haugsgardane maskinlag er eit lite firma som driv med anleggsdrift og utleige av brøyteutstyr. Dei manglar areal for lagring av utstyr i nærområde. Dei reknar med at kostnadene med eit område på Istadmyrane er så høge, at dette er uaktuelt for dei.</p> <p>Viser vidare til at området er avsett til idrettsføremål, og at dersom dette er ei hindring vil dette vere ei ny handsaming i forhold til tidlegare Granvin herad.</p> <p>Ser at det kan vera ein fordel å trekke arealet vekk frå velteplassen der dei har forelsått, og kan vera med på at arealet vert flytta ned til N16 der Granvin Bygg og Eigedom har søkt om</p>	<p>Det har vore dialog med Lillegraven der det vart vist til at område N4 ikkje er tilrådd å ta med i planen vidare. Grunngevinga for dette er at det er tilgjengeleg areal til næring/industri/lager på Istad.</p> <p>Det vart også informert om at aktuelt område i dag er avsett til idrettsføremål. Det vil vera uheldig å opne nye areal for lager/industri innanfor eit område som er avsett til idrettsføremål for å tilretteleggja for skiløyper og skianlegg.</p> <p>På same måte som N4 er heller ikkje N16 tilrådd å ta med i kommuneplanen. Argumentasjonen for dette området er tilsvarande som for N4.</p> <p>Det er opna for eit hytteområde ved Strindeskleiv. Ved regulering av dette hytteområde kan ein evt. vurdere behov for</p>	<p>N4 er ikkje vidareført i planen.</p> <p>Kap. 5.9 om idrettsanlegg er utvida med punkt om landbruksdrift.</p>
----	--	---------------------------------	--	---	---

			næringsareal. På denne måten vil det verta eit samanhengjande industriareal for lagring.	<p>lagring av maskinar/utstyr for å drifte hytteområde og skianlegg.</p> <p>Idrettsføremålet er vidareført frå gjeldande kommuneplan for Granvin, og medfører derfor ikkje noko nytt. I dialog med Lillegraven er det stilt spørsmål om landbruksdrift kan foregå innanfor areal avsett til idrettsføremål. Det har så langt ein kjenner til ikkje vore konflikt knytt til bruk av området til landbruk. For å sikra at dette er ein aktivitet som kan vidareførast så lenge den ikkje øydelegg for bruk til skiløyper /skianlegg, er det tatt med eit nytt punkt i føresegnene som sikrar dette, jf. 5.9: <i>Innanfor større areal avsett til idrettsføremål, som t.d. eksisterande skianlegg, kan tradisjonell landbruksdrift vidareførast så lengde det ikkje kjem i konflikt med bruk av området til idrett.</i></p>	
63	Anders O. Mølster	B41, gnr. 48, bnr. 25	<p>Dei er overraska over at deira innspel om å få flytta to tomter på Mølster no vert foreslått å ta ut. Dei viser til utfordring med vegutløysing som grunngeving for ynskje om å flytte tomta. Dei har sendt over eit skriv med argument på kvifor dei meiner flytting av tomtene ikkje er i strid med føremålet i plan- og bygningslova. Kort oppsummert er dette:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Er ikkje dyrka mark men skog - Ligg tett på Hagahaugvegen der det allereie er bustader - Ligg umiddelbart utanfor sentrumsgrensa - Tidlegare tomter er avsett på beite og får ikkje vegutløysing - Tidlegare tomter er meir eigna for jordbruk - Dei to tomtene er brattare og mindre enn dei førre - Er ein del av eit arveoppgjer for 40 år sidan og vil ikkje skape presedens 	<p>I samband med arbeids- og dialogmøte med fylkesmannen, forsvann dei aller fleste av foreslåtte mindre bustadareal, jf. innspel frå fylkesmannen. Konkret for område B41, var merknader frå fylkesmannen knytt til landbruksinteresser(tett på dyrka mark) og <i>Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging 2014.</i></p> <p>Merknad om at dette arealet er meir eigna enn det som no ligg inne er tatt til orientering.</p> <p>Aktuelt areal ligg utanfor den ytre sentrumsavgrensinga og er ikkje eit område som vert prioritert med tanke etablering av nye bustader.</p>	Område B41 vert ikkje vidareført.